



Fylkesmannen i
Hordaland

Opplæring innanfor
kriminalomsorga

Nordmenn i fengsel: Utdanning, arbeid og kompetanse

Ole Johan Eikeland
Eikeland forskning og undervisning

Terje Manger
Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen

Arve Asbjørnsen
Institutt for biologisk og medisinsk psykologi, Universitetet i Bergen

Alle er medlemmer av Forskingsgruppe for
kognisjon og læring (BCLG)

Rapport nr 3/13

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga
Kopiering er ikke tillatt uten avtale med opphavsrettslovgivningen

ISBN 978-82-92828-30-4 (trykt)
ISBN 978-82-92828-31-1 (e-bok)

ISSN 1892-6096

Layout cover: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com
Print og layout: Netprint

Nordmenn i fengsel:

Utdanning, arbeid og kompetanse

Ole Johan Eikeland

Eikeland forskning og undervising

Terje Manger

Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen

Arve Asbjørnsen

Institutt for biologisk og medisinsk psykologi, Universitetet i Bergen

Alle er medlemmer av Forskingsgruppe for kognisjon og læring (BCLG)

2013

Føreord

Rapporten *Nordmenn i fengsel: Utdanning, arbeid og kompetanse*, byggjer på ei undersøking av innsette i fengsel i Noreg med norsk statsborgarskap i veke 43 i oktober 2012. Føremålet var å gje eit samla bilete av innsette sin utdanningsbakgrunn, utdanningsaktivitet som innsett og utdanningsønska deira. Dette blir sett i høve til tidlegare undersøkingar frå 2004, 2006 og 2009.

Datainnsamlinga som denne rapporten byggjer på er gjennomført av *Forskningsgruppe for kognisjon og læring* ved Det psykologiske fakultetet, Universitetet i Bergen. Prosjektet er utført i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga og Eikeland forskning og undervising. Rapporten er ei oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005).

Både i opplæringslova og straffegjennomføringslova blir det slått fast at innsette har lik rett til utdanning som folk elles i Noreg. Dei innsette sine rettar til utdanning er også regulerte av internasjonale konvensjonar og tilrådingar, samt at dette emne står sterkt i dei to stortingsmeldingane om opplæring i kriminalomsorg og straffegjennomføring. I denne rapporten er føremålet å kartleggje dei innsette sin kompetanse. Ein undersøker deira utdannings- og arbeidsrøynsle, utdanningsaktivitet i fengsla, utdanningsønske og lærevanskar.

Undersøkinga i 2012 viser at trass i at utdanningsaktiviteten har auka i norske fengsel, er det framleis kring 800 norske innsette som ikkje tek utdanning, sjølv om dei har rett til det eller kan få rett til det ved å fullføra grunnutdanning. Rapporten rår til at kriminalomsorga og opplæring i kriminalomsorga held fram arbeidet for å redusere dette talet.

Fylkesmannen i Hordaland håper denne rapporten fungerer som eit viktig innspel i drøftingane om opplæringa innanfor kriminalomsorga. Fylkesmannen i Hordaland rettar takk til dei som administrerte undersøkinga i fengsla og til alle innsette som svara på spørjeskjemaet. Ein rettar også takk til Eikeland, Manger og Asbjørnsen for godt utført arbeid.

Bergen, oktober 2013

Anne K. Hjermann

utdanningsdirektør

Innhold

Føreord frå forfattarane	9
Summary	11
Hovudfunn.....	13
I. INNLEING	15
Undersøkingane i norske fengsel i 2004, 2006 og 2009.....	16
Utdannings- og arbeidsrøynsle	17
Utdanningsaktivitet i fengsel.....	18
Utdanningsønske	19
Lengda på dommen.....	20
Elevane si vurdering av opplæringa	20
Eiga vurdering av kompetanse og lærevanskar	21
Problemstillingar i rapporten.....	22
II. UNDERSØKINGA.....	25
Respondentane	25
Instrument.....	25
Prosedyre.....	26
Kjenneteikn ved dei innsette	26
Om rapporten.....	28
Fullført vidaregåande opplæring	29
III. KOMPETANSE.....	31
Utdanningsbakgrunn.....	31
Arbeidslivsrøynsle	35
IV. UTDANNINGSAKTIVITET I FENGSELET	39
Rett til opplæring	49
Estimata i 2006 og 2009	50
Estimat i 2012.....	50
Oppleving av utdanninga i fengslet.....	51

V. UTDANINGSØNSKE	55
Ønske i fengslet	55
VI. SJØLVVURDERING AV DUGLEIK.....	61
VII. SJØLVVURDERING AV LÆREVANSKAR.....	63
VIII. OPPSUMMERING OG DRØFTING.....	67
Utdannings- og arbeidsrøynsle	67
Utdanningsaktivitet i fengslet	69
Utdanningsønske	70
Elevane si vurdering av opplæringa.....	71
Sjølvvurdering av kompetanse og lærevanskar	73
Praktiske følgjer	74
Appendiks.....	77
Spørjeskjema.....	77
Litteraturreferansar.....	85

Føreord frå forfattarane

Datainnsamlinga som denne rapporten byggjer på er gjennomført av *Forskningsgruppe for kognisjon og læring* ved Det psykologiske fakultetet, Universitetet i Bergen i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Prosjektet er utført i samarbeid med Eikeland forskning og undervising. Utdanningsavdelinga har, etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, nasjonalt ansvar for opplæringa innanfor kriminalomsorga i Noreg, og forvaltar tilskotet til denne opplæringa.

Vi takkar seniorrådgjevar Paal Chr. Breivik og rådgjevar Siren Økland Vardøy hos Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei førebudde og administrerte arbeidet med utsending av spørjeskjema og oppretta kontakt med nøkkelpersonar i alle fengsla. På denne måten sikra dei at ein person i kvart fengsel var ansvarleg for gjennomføringa av undersøkinga i sitt fengsel. Utan ei slik tilrettelegging ville det vore umogleg å gjennomføre undersøkinga innan ein så kort tidsperiode som det vart lagt opp til. Vi rettar takk til alle dei som administrerte undersøkinga i fengsla, og ikkje minst takkar vi alle innsette som svara på spørjeskjemaet.

Forfattarane er åleine ansvarlege for innhaldet i rapporten, og dermed også for eventuelle feil og manglar.

Bergen, 30. september, 2013

Ole Johan Eikeland Terje Manger Arve E. Asbjørnsen

Summary

Training and education for those in prison constitute an important but often neglected aspect of adult learning. A fundamental principle of Norwegian prison policy states that prisoners should have the same access to social and educational services as other citizens. The Educational Act recognizes the right of all to basic schooling, and all teenagers and adults who have completed compulsory school have a right to three years of upper secondary education. Adults also have the right to «second chance» or supplementary basic education and/or special education. Today education is provided in all Norwegian prisons.

In order to establish a sound knowledge base that can inform both policy and practice, and help prioritize resourcing for prisoner education and training, research was carried out to determine the educational needs of the Norwegian prison population. This report outlines Norwegian prisoners' educational background and employment experience, educational participation while incarcerated, educational preferences and wishes. The prisoners' level of education is compared to the general population in Norway. The findings are related to both gender, age and length of sentence.

The study was approved by the Privacy Ombudsman for Research and additional approval was granted from the prison authorities and the Ministry of Justice and Public Security. It was carried out over one week in October 2012. All prisoners with Norwegian citizenship in every Norwegian prison were invited to participate. At the time of the study, there were a total of 2 439 prisoners with Norwegian citizenship in prison. Data were collected by means of a questionnaire. Of the prisoners who participated, 1 276 completed and returned the questionnaire. This constituted a response rate of 52.3 per cent of the total population of prisoners with Norwegian citizenship. Women accounted for 5.3 per cent of the prison population when data was collected, and 5.8 per cent of the study population. The average age of the total respondents was 36 years. Prisoners with reading or writing difficulties received help to complete the questionnaire. All questionnaires were returned anonymously.

Approximately one per cent of the Norwegian population have no completed education at all; this applies to 7.3 per cent of the prisoners. Of those prisoners who *have* completed education, more than half (52.1 per cent) have primary or secondary school as their highest completed education level, compared to 28.2 per cent of the Norwegian population in 2012. Moreover, 42 per cent of the Norwegian population have completed upper secondary school; this accounts for 34.9 per cent of the prisoners. Thirteen per cent of the inmates have university education (whatever level) as their highest completed level compared to 29.8 per cent of the Norwegian population. There are no significant differences between males and females in completed education level. Only 22.5 per cent of the inmates below the age of 25 have completed upper secondary education.

More than four out of five inmates wish to participate in education while incarcerated; men some more than female prisoners. Most of them wish to attend upper secondary level or single independent courses. Slightly more than seven out of

ten (71.2 per cent) prefer vocational education or courses. The longer the sentence, the more inmates wish to take upper secondary or university education. Age correlates negatively with both participation and education wishes. Single independent courses or upper secondary education are the most attended educational activities among Norwegian prisoners. Less than half (46.4 per cent) of the inmates do not participate in education while incarcerated.

A larger number of younger than older inmates self-reported difficulty in reading, writing and doing arithmetic. However, less than one out of twenty (4.6 per cent) reported difficulty to a great extent in reading; 6.4 per cent in writing; 13.8 per cent in doing arithmetic. Female prisoners reported less difficulty than males in reading and writing. The percentage reporting difficulty doing arithmetic was equal in 2012.

In Norway, attending upper secondary school (three or four years) is a legal right which has to be completed before the age of 25, otherwise special rules and legal rights concerning adult education are applied. Among prisoners in that age group, as many as 30.5 per cent were eligible, but did not participate in that activity while incarcerated.

Prisoners participating in education activities reported to be highly satisfied with the teaching and education provided (76.3 per cent were highly satisfied). However, those participating at primary or secondary level were less satisfied than those participating at upper secondary level (27.3 per cent were highly satisfied in contrast to more than fifty per cent of upper secondary school attendants).

Hovedfunn

Denne rapporten byggjer på ei undersøking av innsette i fengsel i Norge med norsk statsborgarskap i veke 43 i oktober 2012. Berre innsette over 18 år er med. Føremålet var å gje eit samla bilete av innsette sin utdanningsbakgrunn, utdanningsaktivitet som innsett og utdanningsønska deira. Dette blir sett i høve tidlegare undersøkingane av innsette og utdanning i 2004, 2006 og 2009. Særleg blir det vektlagt samanlikningar med norske innsette i 2009. I tillegg har vi også undersøkt dei innsette si røynsle frå arbeidslivet.

Tolv hundre og syttiseks innsette svarde på spørjeskjemaet. Dette gjev ein svarprosent på 52,3 av dei som fekk skjemaet 22. til 29. oktober i 2012. Nedanfor er dei viktigaste funna samanfatta. (Grunnlaget for prosentrekninga kan vere ulikt for det som dei ulike kulepunkta viser. Det er derfor viktig å sjå denne oppsummeringa i samanheng med tabellane i rapporten.)

- 7,2 prosent innsette har ikkje fullført grunnopplæringa.
- 52,1 prosent innsette og 28,2 prosent av innbyggjarane i Noreg har grunnskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 34,9 prosent innsette og 42,0 prosent av innbyggjarane i Noreg har treårig vidaregåande opplæring som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 13,0 prosent innsette og 29,8 prosent av innbyggjarane i Noreg har enkeltfag eller grad frå universitet eller høgskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 16,5 prosent av alle innsette har fullført første året vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 17,4 prosent av alle innsette har fullført to år vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 23,4 prosent av alle innsette har fullført treårig vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 4,0 prosent av alle innsette har fagskuleutdanning.
- Av dei som svarde er 5,8 prosent kvinner. Menn og kvinner i fengsel har eit nokså likt utdanningsnivå.
- 77,5 prosent innsette under 25 år har ikkje fullført treårig vidaregåande opplæring.
- 53,6 prosent innsette tar utdanning/opplæring i fengslet; i 2009 var talet 41,1 prosent.

- 80,9 prosent innsette har utdanningsønske i fengslet; i 2009 var talet 67 prosent.
- Ein litt lågare del kvinner enn menn har utdanningsønske i fengslet; i 2009 var prosentdelen lik.
- 29,3 prosent innsette over 44 år har ingen utdanningsønske i fengslet.
- 6,7 prosent innsette har ikkje hatt arbeid.
- 54,2 prosent innsette som har hatt arbeid har hatt ufaglært arbeid.
- 60,4 prosent innsette seier at dei ikkje har vanskar med lesing; 51,6 prosent seier at dei ikkje har vanskar med skriving; 35,4 prosent har ingen vanskar i rekning.
- 4,6 prosent av innsette rapporterer å ha lesevanskar i 'svært stor grad'; 6,4 prosent har skrivevanskar i 'svært stor grad'. Kvinner har i mindre grad enn menn vanskar.
- Dess eldre dei innsette er, dess lågare prosentdel er det som seier at dei har lese- eller skrivevanskar.
- 13,8 prosent innsette rapporterer at dei har reknevanskar i 'svært stor grad'. Menn har i mindre grad enn kvinner slike vanskar.
- 30,5 prosent av innsette som er 24 år eller yngre har rett til vidaregåande opplæring, men held ikkje på med det.
- 23,4 prosent av innsette over 24 år vil kunne få rett til vidaregåande opplæring om dei søker om det.
- 59,1 prosent av alle innsette har rett til vidaregåande opplæring (dvs. inkludert dei over 24 år som vil kunne få det om dei søker).
- 8,9 prosent av innsette som er 24 år eller yngre har ikkje fullført grunnopplæring og vil få rett til vidaregåande opplæring når det er fullført.
- 76,3 prosent innsette er nøgd med utdanninga i fengslet. Innsette som held på med grunnopplæring er minst nøgde.

I. Innleiing

Både i opplæringslova og straffegjennomføringslova blir det slått fast at innsette har lik rett til utdanning som folk elles i Noreg. I følgje opplæringslova har alle innbyggjarane rett og plikt til grunnskuleopplæring, og alle som har fullført grunnskulen har rett til vidaregåande opplæring. I tillegg har vaksne som har fullført grunnskulen eller tilsvarande etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Vaksne har også rett til fornya grunnskuleopplæring, rett til spesialundervisning og rett til realkompetansevurdering. I straffegjennomføringslova er dei innsette sine sivile rettar fastsett. Dette blir presisert i forskriftene til lova, som seier at domfelte og varetektsfengsla har same rett til tenester og tilbod og dei same plikter og ansvar som folk elles i samfunnet. Kriminalomsorga skal gjennom samarbeid med andre offentlege etatar leggje til rette for at domfelte og innsette i varetekt får dei tenester som lovgivinga gir dei krav på (§4).

Dei innsette sine rettar til utdanning er også regulerte av internasjonale konvensjonar og tilrådingar. Medlemsstatane i Sameinte nasjonar (SN) og Europarådet har såleis forplikta seg til å følgje opp dei konvensjonane og tilrådingane som dei har vore med og vedtatt. I takt med utviklinga om at fleire born og unge blir fengsla, må kriminalomsorga rette seg etter SN-konvensjonen om born sine rettar, mellom anna retten til utdanning (artikkel 28). I UNESCO (1995) sine tilrådingar for vaksenopplæring frå den fjerde internasjonale konferansen om vaksenopplæring i 1985, blei retten til utdanning («the right to learn») vurdert som ein av føresetnadene for å kunne veksa som individ og samfunnsborgar. Europarådet har også vedtatt ei rekkje tilrådingar som medlemsstatane skal følgje opp. Den europeiske menneskerettskonvensjonen seier i artikkel 2: «Ingen skal bli nektet retten til utdanning» (Council of Europe, 2010). I følgje dei europeiske fengselsreglane (Council of Europe, 2006) skal eit fullstendig utdanningsprogram organiserast ved kvar anstalt. Dette skal gje alle innsette høve til å oppfylle, i det minste visse, individuelle behov og ønske. Fengselsstyresmaktene bør vise særleg merksemd til utdanning av unge innsette. Spesielle opplæringsprogram bør organiserast for innsette med særlege vanskar, til dømes lese- eller skrivevanskar og rekne- eller matematikkvanskar.

Retten til opplæring står også sterkt i dei to stortingsmeldingane om opplæring i kriminalomsorg og straffegjennomføring. I stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) *Om opplæringa innanfor kriminalomsorga «Enda en vår»*, skriv det dåverande Utdannings- og forskingsdepartementet at målet for opplæringa innanfor kriminalomsorga er det same som for all anna utdanning. Ei godt tilrettelagt opplæring kan ha mykje å seie som del av ei vellukka rehabilitering, og er difor ei investering for framtida, heiter det. Ikkje minst understrekar departementet at opplæring er god samfunnsøkonomi. I stortingsmelding 37 (2007-2008), *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* (kriminalomsorgsmelding), frå dåverande Justis- og politidepartementet, heiter det at god opplæring er eitt av dei viktigaste verkemidla for å få straffedømde til å meistre livet etter avslutta soning og det er eit viktig kriminalitetsførebyggjande tiltak. I meldinga blir det lagt vekt på at den einskilde sine behov for og ønske om utdanning skal så langt det er mogleg vere utgangspunkt for kva skulen tilbyr, og at opplæringa i fengsel skal ha same høge kvaliteten som i samfunnet elles.

Føremålet med denne rapporten, som byggjer på eit spørjeskjema til alle innsette med norsk statsborgarskap i norske fengsel i oktober 2012, er å kartleggje dei innsette sin kompetanse. Vi undersøker deira utdannings- og yrkesbakgrunn, utdanningsaktivitet i fengsla, utdanningsønske og lærevanskar.

Undersøkingane i norske fengsel i 2004, 2006 og 2009

Undersøkinga som rapporten omhandlar, er den fjerde i ei rekke av tilsvarande landsomfattande undersøkingar i norske fengsel i 2004, 2006 og 2009 (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland, Manger og Diseth, 2006; Eikeland, Manger og Asbjørnsen, 2010). Medan dei tidlegare undersøkingane vart gjennomførte blant alle innsette, er denne undersøkinga avgrensa til alle norske. Ein måned etter at desse data vart samla inn, gjennomførte vi undersøkingar med same spørsmåla til alle innsette frå eit utval land, nemleg Litauen, Nigeria og Polen. Dei innsette fekk då høve til å svare på spørsmål som var omsett til deira eige språk. Desse data vil bli publiserte i ein seinare rapport.

Ein del sentrale problemstillingar, til dømes dei som gjeld utdanningsbakgrunn og utdanningsønske, er felles for undersøkingane i 2004, 2006, 2009 og 2012. Dette gir eit grunnlag for å samanlikne over tid. Mange problemstillingar er likevel særskilte for kvar av undersøkingane. I 2009-undersøkinga tok vi mellom anna inn spørsmål om dei innsette sin arbeidsbakgrunn og dei rapporterte sjølv om ikt-kompetansen sin. Spørsmåla om arbeidsbakgrunn har vi også med i den nye undersøkinga, men vi har i tillegg lagt inn meir detaljerte spørsmål om lengda på dommen og kor mykje av denne dommen dei innsette til no har sona. Desse spørsmåla tok vi med fordi vi har hypotesar om at til dømes utdanningsaktivitet i fengsel, ønske om utdanning og motiv for utdanning kan vere påverka av forhold som gjeld dommen. Rapporten inneheld ein del informasjon om forholdet mellom utdanning og dom. I andre publikasjonar tek vi opp om dei innsette sine motiv for utdanning er påverka av kor lang tid ein har att å sone. I undersøkinga som vart gjennomført hausten 2012 stilte vi også spørsmål til dei innsette om forventningane deira om å meistre skularbeid, lesing, skrivning, rekning og ikt. Desse spørsmåla er mellom anna ei oppfølging av problemstillingar reist i Lise Øen Jones sin doktorgrad frå 2012, som er den første her i landet om opplæring i kriminalomsorga (Jones, 2012). Resultata frå denne delen av undersøkinga vil bli publiserte seinare og dei inngår også i eit nytt doktorgradsarbeid.

Utdannings- og arbeidsrøynsle

I undersøkingane vi gjennomførte i 2004 (Eikeland og Manger, 2004) og 2006 (Eikeland mfl., 2006) samanlikna vi dei innsette sitt utdanningsnivå med tilsvarande nivå blant folket i Noreg basert på Statistisk sentralbyrå (SSB) sine tal for utdanningsnivået i Noreg. På eit slikt grunnlag konkluderte vi med at dei innsette sitt utdanningsnivå låg minst 25 år etter folket i Noreg sitt nivå, men at dei var litt betre stilte i 2006, samanlikna med to år før. Tatt omsyn til at dei innsette i begge desse undersøkingane hadde ein gjennomsnittsalder på omkring 35 år, ville dei nok ha kome klart dårlegare ut om dei vart samanlikna med ei tilsvarande aldersgruppe busett i Noreg (eldre personar har hatt langt dårlegare høve til å ta utdanning enn dei som har vakse opp i ei tid der det er blitt meir vanleg å ta utdanning ut over grunnskule).

Samanlikna med tidlegare undersøkingar fekk vi i 2009 meir spesifikk kunnskap om kva som er den høgaste utdanning som dei innsette har. Grunnen er at vi spurde kva som er dei innsette si *høgaste fullførde* utdanning. Då vi skulle samanlikna med folket i Noreg, og samanhalde resultatata med tala i 2004 og 2006, oppstod det likevel eit problem. SSB hadde nemleg endra den hittil særnorske definisjonen av kva som er innhaldet i dei tre nivåa av høgaste fullførde utdanning, nemleg grunnskuleopplæring, vidaregåande opplæring og høgskule- eller universitetsutdanning. SSB hadde tilpassa seg måten OECD definerer dette på.

I den tidlegare definisjonen av grunnskulenivået vart alle som berre hadde *det nivået* som høgaste fullførde utdanning plasserte i den kategorien. I den nye definisjonen blei også dei som hadde fullført så lite vidaregåande opplæring at det ikkje kvalifiserte til fullført vidaregåande opplæring også plasserte på grunnskulenivået. Før var det slik at alle som hadde fullført ei eller anna form for vidaregåande opplæring vart plasserte på det nivået uansett lengda. Neste problemet var at i den nye definisjonen av fullført vidaregåande opplæring vart dette biletet endra totalt ved at ein også hadde ulike definisjonar for ulike tidsperiodar. Den nye måten å definere vidaregåande opplæring på slo negativt ut for dei innsette, fordi svært mange av dei berre hadde fullført delar av vidaregåande opplæring. Slik sett kan ein seie at den nye reknemåten gav eit mindre flatterande, men meir rett bilete av kor innsette står samanlikna med folket i Noreg.

Dersom ein brukar ein SSB sin nye utrekningsmåte, fekk ein dette biletet i 2009: Når det gjeld vidaregåande opplæring, var dei innsette svakare stilt enn folk i Noreg var før 1970. Derimot, når det gjeld høgare utdanning, låg dei innsette på nivået til det folket i landet hadde rundt året 1990. Prosenten innsette som var utan noko fullført utdanning eller opplæring var omlag ti prosent i 2009. Dette var ei forverring av situasjonen frå 2006 då prosent var sju. (Det er omlag ein prosent av folket i Noreg som ikkje har noko form for fullført utdanning.) Ein del av denne endringa kom av ein langt større del utlendingar i norske fengsel i 2009 enn i 2006, men vi såg også at åtte prosent av dei norske innsette heilt mangla grunnskule (Eikeland mfl., 2010). Fordelinga viser at vi i fengsel i dag har ei stor gruppe personar med svært låg utdanning, men også etter kvart ei veksande gruppe med høgare utdanning. Dette heng sjølvsagt saman med at også ein del innsette har fått del

i «utdanningseksplasjonen» ved universitet og høgsular, særleg dei siste tretti til førti åra. Variasjonen i utdanningsbakgrunn i fengsel er også i tråd med den forskningsbaserte kunnskapen om at ei stor gruppe av dei som utviklar åttferd prega av kriminalitet har store samansette vanskar frå barndomen av, noko som mellom har ført til fråfall frå skule. Andre derimot, hadde ein tilnærma normal barndom, men utviklar antisosial åttferd og kriminalitet i ungdomstida eller tidleg vaksen alder (Moffitt, Caspi, Harrington og Milne, 2002). Mange i denne sistnemnde gruppa har studiekompetanse frå vidaregåande opplæring.

Dei innsette sitt utdanningsnivå er ein viktig del av *realkompetansen* deira. I Noreg er realkompetanse definert som all kunnskap og dugleik som er tileigna gjennom utdanning, lønna eller ulønna arbeid, organisasjonsrøyndle, fritidsaktivitetar eller på andre relevante måtar (VOX, 2008). To tidlegare norske undersøkingar viser at berre ein tredel av dei innsette i norske fengsel var i arbeid ved fengsling og at kring 80 prosent av desse hadde fast stilling (Friestad og Skog Hansen, 2004; Skarðhamar, 2002). Dei same undersøkingane viser at dobbelt så mange menn som kvinner var i arbeid ved fengsling. Medan undersøkingane vi gjennomførte i 2004 og 2006 kartla dei innsette sin utdanningsbakgrunn, såg vi i 2009 også på bakgrunnen deira frå arbeidslivet før dei vart fengsla. Resultata viser at kvar niande innsette ikkje hadde hatt arbeid, og dei fleste som hadde hatt arbeid var i ufaglært arbeid (Eikeland mfl., 2010). Dess yngre dei innsette var, dess mindre var sjansen for at dei hadde vore i arbeid. Undersøkinga frå 2009, både når det gjeld utdannings- og arbeidslivsbakgrunn, blir støtta av Skarðhamar og Telle (2009) si undersøking av alle innsette som vart sett fri frå soning i norske fengsel i perioden 2003-2006. Samanlikna med folk flest er fangepopulasjonen ei gruppe med låg utdanning og svak tilknytning til arbeidsmarknaden. Skarðhamar og Telle finn at det er mindre sannsynleg at personar som har arbeid på tidspunktet for avslutta soning, eller som får arbeid seinare, gjer nye brotsverk.

Utdanningsaktivitet i fengsel

Som tidlegare omtalt skal innsette ha same tilgang til samfunnet sine offentlege tenestetiltak (t.d. helse, skule, bibliotek og liknande) som borgarar elles i samfunnet. Då stortingsmelding nr. 27 (2004-2005), vart handsama i Stortinget i 2005, var det brei semje om retten til opplæring i fengsel. I 2009 var det likevel nær halvparten av alle innsette som hadde rett til vidaregåande opplæring utan å få slik opplæring i fengslet (Eikeland mfl., 2010).

Passar så opplæringstilbodet i fengsla dei innsette? Majoriteten av elevplassane i fengsel var i 2006 innanfor vidaregåande opplæring (medrekna plassar ved kortvarige kurs, som vanlegvis ikkje er kompetansegivande), og mest to tredeler av desse plassane var innan allmenne, økonomiske og administrative fag. Dette siste var tilfelle trass i at to tredeler av dei innsette som ønskte å ta meir utdanning, ønskte yrkesfagleg studieretning i vidaregåande opplæring (Eikeland mfl., 2006), og trass i at yrkesfagleg opplæring truleg gir betre høve til arbeid etter avslutta

soning. Konsekvensane av undersøkinga var den gongen klare: Opplæringstilbodet i fengsel må bli meir variert og alle fengsel må gje tilbod om vidaregåande opplæring. Sidan 2006-undersøkinga har det skjedd eit skifte frå allmennfagleg opplæring til yrkesretta opplæring i norske fengsel (Fylkesmannen i Hordaland, 2009).

Det har sidan undersøkinga i 2006 (Eikeland mfl., 2006) skjedd ein klar auke i prosentdel innsette som tek opplæring i fengsel (frå 33 til 46 prosent i 2009). Delar av endringa kjem av at det etter 2007 vart gitt opplæringstilbod i alle fengsel. Det er ein tendens til at dei som har mest utdanning frå før oftast held fram med utdanning og opplæring i fengsel. Aldersskilnadene var ikkje store, men dei mellom 25 og 35 år heldt oftast på med opplærings- eller utdanningsaktivitet (Eikeland mfl., 2010). Det var også litt færre norske statsborgarar enn resten av dei innsette som tok utdanning (41 mot 46 prosent).

Utdanningsønske

Undersøkinga i 2006 viste at over halvdel (54 prosent) av dei innsette hadde minst *eitt* utdanningsønske (Eikeland mfl., 2006). I 2009 var 67 prosent av dei norsk innsette som gav uttrykk for det (Eikeland mfl., 2010). Det at fleire ønskte utdanning i 2009-undersøkinga kan truleg forklarast med at det då fanst tilbod om utdanning i alle norske fengsel. Fleire innsette såg såleis på det å ta ei utdanning i fengslet som meir realistisk. Samanliknar vi dei som kryssar av for formelle utdanningsløp er likevel prosentdelen i 2006 og 2009 om lag like høg. Det er kategorien «annen utdanning» som står for veksten i tal ønske. Dette kan ha samanheng med at i dei fengsla som etablerte skule etter 2006, var det mange tilbod om korte, arbeidslivskvalifiserande kurs (Fylkesmannen i Hordaland, 2009). Dette er verd å merke seg når ein legg til rette for framtidige kurs. Svært mange innsette i norske fengsel sonar korte dommar, og vil dermed lettare kunne slutføre korte kurs.

Det er i aldersgruppene under 45 år ein finn flest som ønskjer å ta utdanning i fengsel (Eikeland mfl., 2010). Ein slik tendens kan særleg forklarast med at dei yngre i mindre grad enn dei eldre har gjennomført utdanning. Det er også slik at det vert mindre aktuelt å ta utdanning når ein har nådd ein viss alder, fordi dei grunnleggjande dugleikar skule og utdanning krev har kome på avstand. I undersøkinga i 2006 (Eikeland mfl., 2006) ville to tredeler av dei som hadde ønske om vidaregåande opplæring ta yrkesfagleg studieretning. Undersøkinga i 2009 stadfester også den sterke interessa for yrkesfag, både som studieretning i vidaregåande opplæring og som høgaste fullførte utdanning.

Samla sett viser undersøkingane i 2004, 2006 og 2009 at eit større og større fleirtal av dei innsette ønskjer å ta meir utdanning. For utanforståande som ikkje er kjent med innsette sine ønske, kan dette verka overraskande. Svært mange av dei innsette har truleg negative røynsler med skule og utdanning. Kvifor ønskjer dei då å ta meir av det ein trur dei mislikar? Costelloe (2003) skriv at innsette som tidleg har falle ut or det ordinære skule- og utdanningstilbodet i utgangspunktet vil vise

motstand mot det som smakar av undervisning og læring. Paradoksalt nok er det likevel slik, fann ho i Irland, at tida i fengsel gir dei høve til å revurdere slik motstand. Etter å ha opplevd nytte ved opplæring i fengsel, utviklar gjerne desse innsette interesser dei ikkje hadde før, og dermed også meir motivasjon for vidare utdanning.

Lengda på dommen

Det er nærliggjande å tru at lengda på dommen som dei innsette har, får konsekvensar for korleis dei ser på sjansane til å ta utdanning i fengsel. I undersøkinga i 2006 fann vi at det nesten utan unntak er blant dei som har lengst dom vi også finn den største prosentdelen som ønskjer seg utdanning. Dette kjem best fram når det gjeld kor stor del som har minst eitt utdanningsønske: blant dei med dom på over fem år er det nesten to av tre som har minst eitt utdanningsønske; blant dei med inntil tre månader dom er det knapt førti prosent som har minst eitt utdanningsønske (Eikeland mfl., 2006)

Undersøkinga i 2009 (Eikeland mfl., 2010) viser at dei store skilnadene blant dei innsette med ulik domslengd kjem klarast fram når vi ser på kva lengda på dommen har å seia for opplæringsaktiviteten i fengslet. Medan nesten tre av fire av dei med dom under tre månader ikkje deltek i utdanning eller opplæring, er det knapt ein av fire av dei med dom over fem år som lar det vere. Grunnskuleopplæring og anna kursdeltaking er omtrent likt fordelt over dei fire domslengdene, men utover det er det ein klar systematikk i at dess lenger dom, dess større del av dei som sonar held på med utdanning i fengslet. Dette samsvarer også med tidlegare funn (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006).

Det er mange innsette med korte dommar i norske fengsel. Det kan sjå ut som om dei då ikkje finn det bryet verd å starte på ei utdanning, samstundes som opplæringa innanfor kriminalomsorga ikkje legg nok til rette for at innsette med korte dommar skal få slikt tilbod. Det er eit paradoks at ein kort dom skal bli oppfatta som eit hinder for å komme i gang med utdanning (Eikeland mfl., 2008). Særleg er det tilfelle dersom det nettopp er avbroten utdanning som har skapt grunnlaget for kriminalitet. Ein kort dom indikerer også at lovbrottet ikkje er av dei mest alvorlege, og det er difor urovekkjande at ein slik dom nettopp kan vere det som fører til avbroten utdanning og dermed auka risiko for kriminalitet.

Elevane si vurdering av opplæringa

I den nordiske undersøkinga av utdanning, utdanningsønske og utdanningsmotivasjon i fengsel (Eikeland mfl., 2008) skulle dei innsette som heldt på med utdanning også evaluere utdanninga. Evalueringa viste at dei innsette er nøgde med utdanninga, sjølv om det finst ein del variasjonar mellom dei fem landa. Dei norske elevane skåra gjennomgåande høgt på utsegner som viser til om dei er nøgde. Såleis er mest tre

av fire innsette under utdanning litt eller heilt samd i påstanden «Jeg er fornøyd med undervisningen». At innsette stort sett er nøgde med den utdanninga som blir gitt samsvarer med funn i tidlegare nordiske undersøkingar (Claesson & Dahlgren, 2002; Lindberg, 2005) og frå undersøkingar i USA (Gee, 2006; Moeller, Day & Rivera, 2004). Diseth, Eikeland, Manger & Hetland (2008) understrekar at læringsmiljøet i fengslet er ei kjelde til høg eller låg motivasjon. Det er dei innsette sine røynsler med læringsmiljøet som påverkar motivasjonen, og ikkje omvendt.

Undersøkingar i skulen utanfor fengslet viser klart at for eleven er læraren den viktigaste faktoren i dette miljøet. Læraren kan i gjennomsnitt statistisk forklara 30 prosent av den læringa som føregår gjennom utdanningsløpet (Hattie, 2009, 2003). Det største bidraget til læring yter den læraren som mellom anna har høge forventningar til alle elevane, som har evne til å skapa positiv relasjon til dei, som knyter det nye som skal lærast til det elevane kan frå før og som kan leie eller styre gruppa. Den *autoritative* læraren har både evne til å vise omsorg for elevane og evne til å stilla forventningar og krav i tråd med elevane sitt faglege nivå (Dever og Karabenick, 2012).

Den nordiske undersøkinga viser likevel at det er fleire forhold som skapar vanskar for den utdanninga som dei innsette er i gang med. Eitt problem står klart fram, uavhengig av land: Dei innsette meiner i stor grad at mangel på ikt-utstyr er noko som medfører vanskar for dei når dei skal ta utdanning. Resultata frå den norske delen av den nordiske undersøkinga viser at dei som hadde lærlingkontrakt og dei som tok gradsutdanning ved universitet eller høgskule var signifikant mindre nøgde med tilgangen på datautstyr enn dei andre innsette. Dei som tok høgare utdanning var også signifikant mindre nøgde enn dei andre med studiekvaliteten.

Eiga vurdering av kompetanse og lærevanskar

Skulereforma Kunnskapsløftet, som vart innført i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa i 2006 og 2007, inneber at skulen skal prioritere grunnleggjande dugleikar i alle fag. Dei grunnleggjande dugleikane, som er viktige føresetnader for vidare læring, er desse: Å kunne uttrykkje seg munnleg, å kunne lese, å kunne rekne, å kunne uttrykkje seg skriftleg og å kunne bruke digitale verktøy (ikt-utstyr). Å kunne lese, rekne og skrive er tre dugleikar som går ut over det å kunne fag som norsk, historie eller matematikk i tradisjonell forstand. Tanken med å innføre desse grunnleggjande dugleikane er at elevane skal få høve til å bruke lese- og skrivdugleik i alle fag. På same måten er å kunne rekne å *bruke* matematikk. Det inneber å resonnerer og bruke matematiske omgrep, framgangsmåtar, fakta og verktøy for å løysa problem og for å skildre, forklare og føreseie kva som hender. Å kunne skrive vil seie å kunne kommunisere med andre gjennom tekst og ytre seg forståeleg om ulike emne. Opplæring innanfor kriminalomsorga følgjer dei same

læreplanane som skuleverket elles. Difor inneber dei innsette sin rett til utdanning på lik line med andre borgarar også at dei har rett til å få styrkt kompetansen sin i desse grunnleggjande dugleikane. Det er då viktig å ha kunnskap om dei innsette sin kompetanse på dei områda Kunnskapsløftet ser på som grunnleggjande. I dei landsomfattande undersøkingane om opplæring innanfor kriminalomsorga i 2004, 2006, 2009 og no i 2012 har vi ikkje hatt høve til å teste dei innsette sin kompetanse. Vi har difor berre bede dei vurdere sin eigen kompetanse i lesing, skrivning, rekning og ikt. Blant dei innsette i undersøkinga i 2009 (Eikeland mfl., 2010) var det nær nitti prosent som meinte at lesedugleiken var middels eller betre. Vidare var det i overkant av åtti prosent som sa det same om dugleiken i skrivning og sytti prosent når det gjeld matematikk.

I tidlegare undersøkingar av vanskar, så rapporterte omlag førti prosent av dei innsette at dei i *liten* eller *stor* grad opplevde å ha vanskar med lesing og skrivning, medan åtte prosent rapporterte å ha svært store vanskar med lesing og skrivning. Nesten dobbelt så mange rapporterte å ha dei same gradar av vanskar med matematikk, og nær sytten prosent sa at dei hadde svært store vanskar med faget. Basert på tidlegare funn blant innsette (Asbjørnsen, Jones og Manger, 2007; Asbjørnsen, Manger og Jones, 2007) ser vi at det er klar underreportering av vanskar i lesing. Det er truleg også lite medvit om eigen tilkortcoming i lesing og skrivning. Dette fell inn under det ein kan kalla «selektiv eksponering»: Ein oppsøker i hovudsak utfordringar som passar med kor dugande ein er, og søkjer å unngå oppgåver som stiller krav ut over det. Dette medfører også «selektiv tilbakemelding». Sidan ein meistrar den «selektive oppgåva» vil ein også bli styrkt i opplevinga si av at ein er god til å lese, men når ein blir stilt overfor større objektive krav om dugleik vil sjansen for å meistre vere langt lågare.

Det er gjennomgåande at dei innsette vurderer dugleiken sin i matematikk som svakare enn i lesing og skrivning, og skriveugleiken som svakare enn lesedugleiken. Vidare, og i tråd med dette, rapporterer også langt fleire at dei har større vanskar med matematikk enn med lesing, og at vanskar i det å skrive blir vurdert til å vere ein stad mellom dei vanskane dei opplever i matematikk og lesing. I 2009 konkluderte vi med at dersom dette skal omsetjast i praktiske tiltak, er det svært viktig å styrkje det som er grunnleggjande dugleik innanfor alle disiplinane lesing, skrivning og matematikk, men kanskje først og fremst konsolidere dugleik både i lesing og skrivning, for å gje den naudsynte plattformen for vidare opplæring og utdanning.

Problemstillingar i rapporten

Det er fleire føremål med denne rapporten. Dei innsette sin skule- og utdanningsbakgrunn skal kartleggjast, i tillegg til røynsla dei har frå arbeidslivet. Det vil seie at rapporten skal gje informasjon om kor høg del av den aktuelle populasjonen innsette som har fullført grunnskuleutdanning, vidaregåande opplæring eller fagopplæring og universitets- eller høgskuleutdanning. Ei slik kartlegging av utdanningsbakgrunn, som også vart gjort i 2004, 2006 og 2009, er viktig med tanke

på planlegging av skule og utdanning i fengsel og etter avslutta soning. Dei innsette sin bakgrunn frå yrke og arbeid vart kartlagt i 2009. Vi ønskjer også no å vite om dei har hatt arbeid før dei vart fengsla og kva sort arbeid dei har hatt. Vidare skal dei innsette sine utdanningsønske kartleggjast. Retten til utdanning krev at ein høyrer på dei innsette sine ønske om skule og utdanning, under og etter soning. Utdanningsaktiviteten i fengsla blir også tatt opp, og i samband med det kartlegg vi om retten til utdanning blir ivaretatt. Vi ønskjer å vite om dei innsette deltek i utdanning og kva slag utdanning dei tek. Både når det gjeld utdanningsønske og utdanningsaktivitet i fengsel, har vi denne gongen samla inn meir fingraderte data om kor lang dom respondentane har og kor lang tid dei har igjen å sone. Desse forholda har tidlegare vist seg å gi viktige forklaringar på kvifor nokon ønskjer eller tek utdanning og andre ikkje. Dei innsette har så vurdert opplæringa innanfor kriminalomsorga, på same måte som i 2009. Til sist skal sjølvrapportert kompetanse i lesing, skrivning, matematikk og ikt kartleggjast, saman med sjølvrapporterte lærevanskar.

II. Undersøkinga

Respondentane

Undersøkinga vart primært gjennomført i veke 43, dvs. 22. til 29. oktober, og alle fengsla i Noreg skulle vere med. Undersøkinga i oktober 2012 gjekk berre ut til innsette med norsk statsborgarskap. På grunn av lokale forhold ved eitt av fengsla vart undersøkinga der gjennomførde over to ekstra dagar, dvs. fram til og med 31. oktober. Ved eit anna fengsel medførde sjukdom hos personalet at ein ikkje kunne gjennomføre undersøkinga i veke 43. Dette fengslet fekk lov til å gjennomføre undersøking av dei norske innsette samstundes med ei undersøking av statsborgarar frå Litauen, Nigeria og Polen, som fann stad i veke 47. (Resultat frå denne undersøkinga blir tatt opp i ein eigen rapport.) Opplegget var elles det same som for undersøkingane både i 2004, i 2006 og i 2009 (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006; Eikeland mfl., 2009). Alle (denne gongen berre norske) innsette over 18 år som i *veke 43* sona dom, sat i varetekt eller var under forvaring, var i målpopulasjonen for undersøkinga. I det fengslet som måtte utsetje undersøkinga av dei norske til veke 47, var det av praktiske årsaker norske som sona i *den* veka og ikkje i *veke 43* som var målpopulasjonen for den norske delen. I praksis er altså dette ei populasjonsundersøking av innsette med norsk statsborgarskap. Nemninga innsett(e) blir brukt om både dei med dom, i varetekt eller som er under forvaring.

I følgje rapportering frå Justis- og beredskapsdepartementet var det 2 439 norske innsette i dei aktuelle fengsla på aktuelle tidspunkt som data vart samla inn. Vi fekk inn 1 276 svar, ein svarprosent på 52,3 av målpopulasjonen. Dette er ein god del lågare enn i dei tre føregåande undersøkingane. Nokon innsette kan ha vore på permisjon; nokon opptekne utanfor fengslet, så som med rettssaker. Vi har ikkje brukt ressursar på å hente inn den typen informasjon. Sist vi gjorde det var i 2006-undersøkinga (Eikeland mfl. 2006). Då var det 3,6 prosent av dei innsette som ikkje kunne nåast av ulike grunnar. Ein annan måte å rekne svarprosenten på er som eit uvekta gjennomsnitt av fengsla i Noreg. Det gir ein svarprosent på 53,8.

Instrument

Spørjeskjemaet (sjå Appendiks) vart laga i samråd med ei arbeidsgruppe sett saman av medlemmer frå Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsdirektoratet og Justisdepartementet ved Kriminalomsorgas sentrale forvaltning.

Skjemaet var først og fremst bygd over malen til tidlegare skjema. I tillegg nytta vi delar av eit skjema som vart brukt i samband med ei anna undersøking av innsette i Noreg når det gjeld lesedugleik, lesevanar og lesevanskar (Asbjørnsen mfl., 2007; Asbjørnsen mfl., 2008). Det skjemaet vart grundig prøvd ut i ein pilottest i Bergen fengsel i 2007, og undersøkinga då vart gjennomført hausten 2008. Spørsmål frå både 2004-, 2006- og 2009-undersøkingane vart gjentatt der det var relevant. Desse spørsmåla og skjemaet vart også den gongen testa ut i såkalla pilotgrupper i

Bergen fengsel. Arbeidsgruppa fann det likevel denne gongen naudsynt å ha ein ny test av spørjeskjemaet. Måten å spørje om utdanningsbakgrunn, utdanningsaktivitet i fengslet og utdanningsønske var dei same i 2012-undersøkinga som i 2009. Dei innsette opplyste om kva som var deira *høgaste fullførde* utdanning, kva utdanning dei var i gang med og eventuelle utdanningsønske. Arbeidsrøynsla til dei innsette vart denne gongen kartlagt ved berre å spørje om dei hadde hatt diverse typar arbeid, utan å spørje om kor lenge dei hadde hatt det. Desse spørsmåla vart i 2009 utarbeidd i samarbeid med VOX (sjå m.a. omtale av det same hos Alfsen, Hanssen og Lyngvær Ramstad, 2008). Den gongen kartla vi også kor lenge dei hadde hatt arbeidet. Omsyn til lengda på skjemaet og litt dårleg røynsla med kor nøyaktige svara om lengda på arbeidstilhøvet var i 2009, gjorde at vi denne gongen tok bort den delen.

Prosedyre

I kvart fengsel fekk *ein* person ansvaret for å administrere datainnsamlinga, helst leiaren for skuleavdelinga. Alle kontaktpersonane vart like før utsending av skjema orienterte via brev og epost frå Utdanningsavdelinga, Fylkesmannen i Hordaland. På denne måten freista ein å sikre at dei same prosedyrane vart følgde i alle fengsel. Det vart ikkje sendt ordinær purring til dei einskilde som ikkje hadde svart. Fengsel som av ulike grunnar var seine med å sende tilbake utfylte spørjeskjema, fekk likevel ei telefonisk påminning, og eitt av fengsla hadde, som nemnt, ein utvida frist i tillegg til det fengslet som måtte utsetje undersøkinga i tre veker.

Det var inga individuell identifisering av dei einskilde skjema, men dei vart identifiserte med eit fengselsnummer. Undersøkinga er meldt til Personvernombodet for forskning, Norsk samfunnsvitskapleg datateneste AS.

Kjenneteikn ved dei innsette

Av dei innsette som skulle ha hatt spørjeskjemaet var altså svarprosenten 52,3. Samanlikna med tidlegare undersøkingar er dette, som nemnt, klart lågare denne gongen. Den eigentlege grunnen til det kjenner vi ikkje.

Tabell II.1. Fordelinga av innsette etter kjønn, aldersgrupper og fengselsregion med utgangspunkt i fengslingsgrunnlag.

	Fengslingsgrunnlag					Alle
	Dom	Forvaring	Bøter	Varetekt, utan dom	Varetekt, anka dom	
	N=1054	N=27	N=31	N=125	N=37	
Kjønn						
Menn	94,3	100	90,3	94,4	89,2	94,2
Kvinner	5,7	0	9,7	5,6	10,8	5,8
Alder						
18 til 24 år	19,4	13,0	39,1	26,0	25,0	20,5
25 til 34 år	27,8	47,8	43,5	28,0	28,6	28,7
35 til 44 år	28,3	13,0	13,0	38,0	17,9	28,3
Over 44 år	24,5	26,1	4,3	8,0	28,6	22,6
Fengselsregion						
Aust	16,3	3,7	25,8	28,8	27,0	17,8
Nordaust	18,5	77,8	12,9	4,8	0	17,7
Sør	25,2	7,4	22,6	27,2	16,2	24,7
Sørvest	15,0	0	9,7	22,4	35,1	15,9

* Denne kolonnen gjeld *alle* i undersøkinga. Det treng ikkje vere slik at alle innsette har svart på absolutt alle spørsmål, som kjønn, fengslingsgrunnlag, alder eller statsborgarskap. Difor kan summen av N for kvart spørsmål variere noko.

Korleis dei innsette som svarde fordeler seg når det gjeld alder, kjønn og fengselsregion i Noreg, finn ein i tabell II.1. Her ser ein også korleis dei fordeler seg etter fengslingsgrunnlaget. Berre ein liten del av dei som er med i undersøkinga var under forvaring (27 personar, dvs. 2,1 prosent). Denne gongen skilde vi mellom to typar varetekt: dei som sit i varetekt utan dom, og dei som har fått dom og anka,

og som formelt sett då sit i varetekt. Omtrent ein av ti i undersøkinga sat i varetekt utan dom (9,8 prosent); 2,4 prosent sat i varetekt med anka dom. Kvinner utgjorde 5,3 prosent av fangepopulasjonen i den aktuelle veka; i undersøkinga utgjør dei 5,7 prosent. Gjennomsnittsalderen til dei innsette var 36 år (standardavvik 11,6). Desse er eit halvt år eldre enn norske innsette i 2009-undersøkinga, som då igjen var litt eldre enn dei i 2006-undersøkinga (35,1 år).

Om rapporten

Rapporten følgjer omtrent same disposisjonen som dei tre tidlegare rapportane (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006; Eikeland mfl. 2009). Tabellane som vi framstiller resultat i er stort sett organiserte likeeins, dvs. så langt det let seg gjere og så lenge det er relevant. Opplysningane som rapporten gir, er kontrollerte for omtrent dei same bakgrunnsvariablane som tidlegare, først og fremst kjønn og alder, soningslengde og høgaste fullførde utdanning eller opplæring. Det som skil denne rapporten mest frå tidlegare rapportar er at han berre omhandlar norske statsborgarar i fengsla.

I tidlegare rapportar la vi vekt på å kartleggje kven som hadde rett til opplæring i fengsla, kven som eventuelt hadde brukt opp den retten ut frå det som var innhaldet i opplæringslova den gongen. Dette blir også gjort her. SSB har gjort endringar når det gjeld korleis dei definerer den høgaste (fullførde) utdanning som folk har. Dette tok vi omsyn til i 2009-rapporten på to måtar. Vi presenterte då både gammal og ny utrekningsmåte, for å gjere det enklare for lesaren å samanlikne med tidlegare rapportering. I denne rapporten brukar vi berre den nye måten å rekne dette ut på når vi samanliknar utdanningsnivået til dei innsette med nivået til heile folkesetnaden elles.

I rapporten nyttar vi oftast orda *utdanning* og *opplæring* om kvarandre og synonymt, men også med presisjonar som grunnopplæring og vidaregåande opplæring når det trengst. Utdanning er meir generelt, og blir gjerne også mest nytta når det gjeld høgskular og universitet. Vidare brukar vi enkle sitatteikn (' ') for å markere at ord og uttrykk er direkte henta frå det som er brukt i spørjeskjemaet til dei innsette, sjølv om vi i rapporten har omsett frå bokmål til nynorsk. Dette gjeld nesten berre svaralternativa.

For at dei nye tala og resultatata som blir presenterte i denne rapporten skal få eit best og mest mogeleg relevant samanlikningsgrunnlag når det gjeld 2009-undersøkinga og rapporten som følgde den, presenterer vi i denne rapporten tal for 2009 som berre gjaldt dei norske innsette den gongen. Berre unntaksvis vart resultat for norske innsette framheva den gongen.

Fullført vidaregåande opplæring

Vi spurde også i 2012 nokså presist om kva som er utdanning som dei innsette har og om kva utdanning dei ønskjer å ta i fengslet. Måten vi gjorde det på var å spørje etter den innsette si *høgaste fullførde* utdanning. Vi viser korleis SSB no reknar dette ut, der dei har tilpassa seg måten andre land definerer dette på, underforstått OECD sin måte.

I den tidlegare definisjonen av grunnskulenivået vart alle som berre hadde *det* som høgaste fullførde utdanning plasserte i den kategorien. I den nye definisjonen blir også dei som har fullført så lite vidaregåande opplæring at det *ikkje kvalifiserer* til fullført vidaregåande opplæring også plasserte på grunnskulenivået. Før var det slik at alle som hadde fullført ei eller anna form for vidaregåande opplæring vart plasserte på det nivået uansett lengda. Neste problemet er at i den nye definisjonen av fullført vidaregåande opplæring blir dette biletet endra ved at ein også har ulike definisjonar for ulike tidsperiodar.

- Det som svarar til vidaregåande opplæring før lov om vidaregåande opplæring vart sett i verk på midten av 1970-talet blir no definert som vidaregåande opplæring uansett kor lang opplæringa var den gongen.
- Det som er vidaregåande opplæring frå perioden etter innføringa av vidaregåande opplæring på 70-talet, men før Reform 94, blir delt i to: dei som berre har gjennomført grunnkurs eller anna eittårig vidaregåande opplæring blir plasserte på grunnskulenivå; dei som har fullført vidaregåande kurs I eller II (VK I eller VK II) eller tilsvarande, blir plasserte på vidaregåande nivå.
- Etter innføringa av Reform 94 blir berre dei som har fullført tre- eller fireårig vidaregåande opplæring plasserte på det nivået. Dersom opplæringa er kortare, blir dei pr. definisjon plasserte på grunnskulenivået.

Ettersom vi korkje i 2009-undersøkinga eller i 2012 spurde om *når* dei innsette gjennomførde ei eventuell vidaregåande opplæring, tar vi utgangspunkt i alderen deira for å estimere kva nivå fullførd opplæring dei har etter den nye definisjonen. Problemet som då kan oppstå er at vi ikkje utan vidare kan ta for gitt at dei innsette har følgd eit såkalla normallop når det gjeld start og gjennomføring av vidaregåande opplæring, dvs. det er usikkert kor gamle dei var då dei tok til på opplæringa og kva avbrot og fråfall dei eventuelt har hatt. Derfor simulerte vi både i 2009 og denne gongen ulike aldersgrenser for når dei innsette tok si vidaregåande opplæring, for å sjå om det skapte empiriske konsekvensar i materialet. Avvika var den gongen svært så små og det er dei framleis. I 2012-materialet brukar derfor også ein tankegang om normallop for kva tidsperiodedefinisjon som dei innsette fell inn under.

III. Kompetanse

Kompetanse kan ein skaffe seg både gjennom utdanning og praksis, dvs. arbeid. I undersøkingar før 2009 spurde vi ikkje dei innsette om det siste, men berre kva utdanning dei hadde tatt. Også i 2012 spurde vi om dei innsette har hatt arbeid, og kva arbeid det var snakk om, nemleg ufaglært, faglært, arbeid som krev høgare utdanning eller eventuelt anna røynsle som sjølvstendig næringsdrivande. I tillegg kartla vi om dei innsette har vore heime som foreldre. Vi registrerte denne gongen ikkje kor lenge dei hadde hatt arbeid innanfor dei nemnde kategoriane. I 2009-undersøkinga såg vi at det spørsmålet skapte ein del vanskar for dei innsette, og tala som vi fekk var svært usikre.

Utdanningsbakgrunn

Som nemnt spurde vi i både i 2009- og 2012-undersøkingane om dei innsette si utdanning på ein litt annan måte enn kva vi gjorde i dei tidlegare norske undersøkingane (2004 og 2006). Vi bad dei nemleg om å krysse av for den *høgaste* utdanninga som dei har *fullført*, der vi i prinsippet avgrensa oss til tredelinga som gjeld, nemleg grunnopplæring, vidaregåande opplæring (delt opp for tre år), fagskule og enkeltfag eller gradsutdanning ved høgskule eller universitet. Det som gjeld fagskule var nytt i 2012. Det viser seg at kategoriseringa av fagskule-«nivået» ikkje utan vidare er heilt enkelt. Statistisk sentralbyrå (SSB) kategoriserer fagskule som vidaregåande opplæring, og berre det, trass i at det finst fagskular som tilbyr både bachelor- og mastergrad. Desse er rett nok få. Det er uråd for oss å vite om den fagskulen som den innsette har kryssa av for like gjerne kunne ha vore plassert på universitets- og høgskulenivået som på nivået under. Der vi har bruk for den vanlege tredelinga av utdanningsnivåa, har vi derfor valt å følgje SSB sin handlemåte. Andre gonger presiserer vi nøyaktig kva det er snakk om.

I tabell III.2 samanliknar vi dei innsette si utdanning med kva som er tilsvarande utdanningsnivå hos det norske folket. Som nemnt har SSB endra definisjonen av dei tre aktuelle nivåa, noko som då har størst konsekvens for nivå 1 (grunnskuleopplæring) og nivå 2 (vidaregåande opplæring). Endringa er gjort greie for i slutten førre kapittel. Aldersavvik frå normalløpet i utdanning vil, teoretisk sett, kunne skape konsekvensar for kor mange som fell inn under dei tre periodiske definisjonane av kva som er høgaste fullførde utdanning (sjå diskusjonen i kapittel II). Derfor har vi simulert fleire empiriske innfallsvinklar til dette. Vi har brukt fleire grenseverdiar for dei innsette sin alder for å sjå om ulike kombinasjonar av alder og SSB sine periodiske definisjonar har konsekvensar for kor stor del av dei innsette som flyttar seg frå nivå to til nivå ein som høgaste fullførde utdanning. Det viser seg at sjølv med inntil fem års endring i denne grenseverdien, så endrar det svært lite på kor stor del innsette som har nivå ein eller to som høgaste fullførde utdanning i dette materialet. Vi har derfor valt å bruke det som svarer til eit normalløp når vi definerer dei innsette på denne måten, slik vi også gjorde det i 2009. Eit argument som kom i tillegg i 2009, og som framleis er gyldig, er jo at sjølve gruppa (kohorten) innsette også endrar seg medan gjennomsnittsalderen til dei innsette har halde seg relativt stabil. Det blir til dømes færre innsette som har gamle utdanningar; flesteparten av

dei innsette fell etter kvart inn under det som er definisjonen av høgaste fullførde utdanning etter Reform 94. *Måten SSB (og vi) definerer «inga fullført utdanning» på er ikkje påverka av endringane i definisjonane.*

Tabell III.1. Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring. Prosent. N=100 %.

Fullført utdanning/opplæring	Norske innsette	
	2009	2012
	N=1352	N=1270
Ikkje fullført opplæring	8,1	7,2
Grunnopplæring	23,2	19,4
1 år vidaregåande	18,1	16,5
2 år vidaregåande	21,2	17,4
3 år el meir vidaregåande	18,1	23,4
Fagskuleutdanning	*	4,0
Høgare utdanning, enkeltfag	5,9	5,5
Høgare utdanning, gradsutdanning	5,5	6,5

* ikkje spesifisert før i 2012.

Prosentdelen norske innsette som ikkje har fullført noko form for utdanning eller opplæring har gått litt ned sidan 2009 (tabell III.1); prosentdelen er nærare det som gjaldt i 2004 (7,6 prosent) og identisk med undersøkinga i 2006 (7,2 prosent). Den største endringa sidan 2009 er at ein klart større del innsette no opplyser at dei har fullført treårig eller meir vidaregåande opplæring, 23,4 prosent. Prosentdelen innsette med universitets- eller høgskuleutdanning er stabilt tolv prosent.

Korleis ser så utdanningsnivået til dei innsette i 2012 ut samanlikna med det som gjaldt i 2009, og korleis ser nivået til dei innsette ut samanlikna med heile den norske populasjonen? I tabell III.2 prosentuerer vi berre ut frå dei som har fullført utdanning, slik SSB gjer det. Det vil seie at dei utan grunnopplæring eller tilsvarande ikkje er medrekna i prosentueringsgrunnlaget her. (I tillegg held SSB dei som er yngre enn 16 år utanfor prosentueringsbasisen sin; i undersøkinga vår er det berre innsette over 18 år som er med. Denne skilnaden i prosentueringsbasis har her omtrent ingenting å seie.)

Tabell III.2. Høgaste fullførde utdanning* i Noreg totalt, frå 1970 til 2012 (kjelde: SSB, 2013), og blant *berre norske innsette* i 2009 og i 2012. Prosent.

	Innbyggjarane i Noreg						Innsette	
	1970	1980	1990	2000	2004	2012	2009	2012
N= 100 %	2852636	3073132	3310283	3480022	3642888	3926514	1 243**	1 178**
Grunn- oppl.	53,2	48,9	41,6	34,0	31,9	28,2	59,1	52,1
Vgo	39,4	39,9	42,9	44,3	44,0	42,0	28,5	34,9
Høgare utd.	7,4	11,2	15,4	21,7	24,0	29,8	12,4	13,0

* Dei som har fullført fagskule blir av SSB plasserte i kategorien fullført vidaregåande opplæring.

** Dei som ikkje har fullført utdanning er halde utanfor både i SSB sin prosentueringsbasis og vår.

Dei innsette sitt utdanningsnivå er framleis klart lågare enn kva som gjeld folket i Noreg, men vi ser ei endring frå 2009. Då hadde nesten seks av ti innsette (59,1 prosent) grunnopplæring som høgaste fullførte: i 2012 var dette redusert til litt over halvparten (52,1 prosent). I overkant av ein av fire (norske) innsette (28,5 prosent) hadde vidaregåande opplæring som høgaste fullførde utdanning i 2009; i 2012 har dette talet stige til 34,9 prosent. Tilsvarande tal for SSB sine siste opplysningar når det gjeld det norske folk (2012) er 42,0 prosent (SSB, 2013). Prosentdelen som har høgare utdanning har gått litt opp, frå 12,4 i 2009 til 13,0 i 2012. (Høgare utdanning er her kategorisert som både enkeltfag og gradsutdanning ved universitet eller høgskule, men fagskuleutdanning er lagt til vidaregåande opplæring.) Prosentdelen innsette som berre har grunnopplæring som høgaste fullførde (52,1) tilsvarar framleis omtrent nivået hos det norske folk på tidleg syttital (53,2 prosent i 1970).

Ein del av denne skilnaden mellom innsette og folket elles kjem av at dei innsette truleg har eit litt anna tidsløp når det gjeld vidaregåande opplæring. Situasjonen som dei er i har skapt avbrot i utdanninga, og mange av dei held på med vidaregåande opplæring noko seinare i livet enn dei som går rett frå grunnopplæringa. Andre har ikkje gjort seg ferdige med så mykje at dei fell inn under definisjonen av «fullført vidaregåande opplæring». Det at dei faktisk held på med opplæring er også ein funksjon av den strukturelle endringa i norske fengsel. Det eine er at sjølve utdanningstilbodet i fengsla er blitt utvida. Det viktigaste er likevel at *alle* fengsla no tilbyr skulegang eller opplæring i ei eller anna form, noko som ikkje var tilfelle då vi gjorde undersøkingane i 2004 og 2006.

Alderen til dei innsette heng saman med kor mykje og kva utdanning dei har fullført (tabell III.4). I 2009 hadde kvar tiande norsk innsett i den yngste aldersgruppa ikkje fullført noko form for opplæring; dette gjekk litt ned i 2012 (8,9 prosent). Nesten nitti prosent av dei norske innsette under 25 år hadde ikkje fullført treårig (eller meir) vidaregåande opplæring i 2009; i 2012 gjaldt dette 77,5 prosent. Aldersgruppa 35 til 44 år hadde størst endring i prosentdelen som ikkje har noko form for fullført opplæring, samanlikna med 2009 (frå 8,5 prosent til 5,4). Dei to andre aldersgruppene står her fram som uendra mellom dei to aktuelle periodane. Vidare ser vi ein nedgang i prosentdelen som har berre grunnopplæring som høgaste fullførte i alle fire aldersgruppene, mest i den yngste aldersgruppa og gruppa 35 til 44 år. På vidaregåande nivå ser vi fleire skifte i tala. Prosentdelen som berre hadde eitt år vidaregåande opplæring minkar med stigande alder og er også lågare enn i 2009 i alle fire aldersgruppene. Når det gjeld to år, tre år eller meir med vidaregåande opplæring, er det omvendt. Då er endringa, samanlikna med 2009, ein stigande tendens til å ha fullført det, med synkande alder. Å ha fullført høgare utdanning er noko som i størst grad gjeld dei eldste, naturleg nok, og her er det knapt endringar å spore. Det er dei eldste i fengsla som har fagskuleutdanning; det gjeld meir enn kvar tiande i den gruppa.

Tabell III.4. Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring etter aldersgrupper. Prosent. N=100 %.

	18 til 24 år		25 til 34 år		35 til 44 år		Over 44 år	
	2009	2012	2009	2012	2009	2012	2009	2012
	N=247	N=213	N=443	N=298	N=366	N=294	N=274	N=235
Ikkje fullført oppl.	10,1	8,9	6,1	6,0	8,5	5,4	7,3	7,2
Grunnopplæring	26,7	21,6	21,0	18,1	24,6	19,4	22,6	19,6
1 år vgo	21,5	26,3	17,8	18,5	18,6	15,3	15,0	8,5
2 år vgo	30,8	20,7	28,0	18,1	14,8	16,3	10,9	11,9
3 år el meir vgo	10,5	19,7	18,5	28,9	20,2	23,8	21,2	19,6
Fagskuleutdanning*	-	0,9	-	1,7	-	4,8	-	10,6
Høgare utd., enkeltfag	0	0	6,3	4,4	6,6	7,8	9,5	8,9
Høgare utd., grad.	0,4	1,9	2,3	4,4	6,8	7,1	13,5	13,6

* ikkje spesifisert før i 2012.

Det er lite som skil kvinner og menn i fengsel når det gjeld utdanningsnivået dei har (tabell III.5), også i 2012, men det er ein del skilnad i endringane frå 2009 til 2012. Medan prosentdelen menn som hadde eitt år vidaregåande opplæring som høgaste fullførte gjekk ned (18,2 til 16,1 prosent), gjekk han litt opp for kvinner (frå

17,0 til 21,9 prosent). I 2009 var det ein litt større del kvinner enn menn som hadde fullført tre år med vidaregåande opplæring (23,6 mot 17,7 prosent). I 2012 snudde dette seg til 20,5 prosent kvinner og 23,6 prosent menn). Fleire kvinner enn menn opplyste at dei hadde fagskuleutdanning; prosentdelen som opplyste at dei har universitetsutdanning er totalt sett omtrent lik, men med små endringar frå 2009 til 2012.

Tabell III.5. Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring etter kjønn. Prosent*. N=100 %.

	Kvinner		Menn	
	2009	2012	2009	2012
	N=106	N=73	N=1246	N=1197
Ikkje fullført opplæring	6,6	6,8	8,2	7,3
Grunnskuleopplæring	21,7	15,1	23,3	19,7
1 år vgo	17,0	21,9	18,2	16,1
2 år vgo	18,9	16,4	21,3	17,5
3 år el meir vgo	23,6	20,5	17,7	23,6
Fagskuleutdanning**	-	6,8	-	3,8
Høgare utd., enkeltfag	4,7	8,2	6,0	5,3
Høgare utd., grad.	7,5	4,1	5,3	6,7

* merk at prosentueringsgrunnlaget for kvinner og menn er noko ulikt; ** ikkje spesifisert før i 2012.

Arbeidslivsrøynsle

Vi valde også i 2012 å spørje kva arbeidslivsrøynsle dei innsette har, for på den måten å få eit betre innsyn i deira realkompetanse. Røynsla kan vere tredelt. Ho kan vere ein konsekvens av utdanning og opplæring som ein har tatt, det kan vere ein supplement til opplæring eller utdanning, eller det kan vere eit substitutt for tradisjonell skulegang eller utdanning.

Dei innsette vart spurde om dei hadde hatt arbeid, underforstått ein eller annan gong. Med andre ord spurde vi ikkje om dei hadde arbeid på tidspunktet då dei vart innsette. Vi spurde ikkje i 2012 om kor lenge dei innsette hadde hatt dei ulike typane arbeid. Det gjorde vi i 2009, men tala var usikre fordi dei innsette var i tvil om kva dei skulle føre i skjemaet; nokon hadde også problem med å hugse alt som kunne vere aktuelt. Det å ikkje ta dette med i 2012 bidrog også til at skjemaet vart litt kortare.

I 2009 hadde kvar ellefte norske innsette ikkje hatt arbeid (9,0 prosent); i 2012 gjaldt det 6,7 prosent (tabell III.6). Framleis er det slik at størsteparten av dei som har hatt ufaglært arbeid, og prosentdelen som har hatt faglært arbeid er identisk i 2009 og i 2012. Innsette som har hatt arbeid som krev høgare utdanning var litt høgare i 2012 (10,8 prosent) enn i 2009 (8,3 prosent). Kvar fjerde innsett opplyste at dei har vore sjølvstendig næringsdrivande, ein liten auke frå 2009 (21,5 til 24,8 prosent).

Tabell III.6. Prosent norske innsette som ikkje har hatt arbeid og prosent med ulike typar arbeidsrøynsla av dei som *har hatt* arbeid.

	Ikkje hatt arbeid	Ufaglært arbeid	Faglært arbeid	Arb. som krev høgare utd.	Sjølvstendig næringsdrivande	Heime som foreldre
2009	9,0	62,7	36,7	8,3	21,5	6,3
2012	6,7	54,2	35,3	10,8	24,8	4,7

Vi går vidare og ser korleis arbeidsrøynsla fordeler seg etter alder. Der finn vi naturleg nok svært store, men også systematiske variasjonar (tabell III.7). Dess eldre den innsette er, dess større er sjansen for at vedkommande har hatt arbeid. Berre 3,4 prosent av dei over 44 år sa i 2012 at dei ikkje har hatt arbeid; det gjaldt ein av ti av dei yngste.

Tabell III.7. Prosent innsette med ulike typer arbeidsrøynsle etter aldersgrupper av dei som *har hatt* arbeid.

		18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
Prosent som ikkje har hatt arbeid	2009	14,9	10,3	6,7	4,0
	2012	9,9	8,1	6,1	3,4
Prosent med ufaglært arbeid	2009	73,6	66,9	61,8	50,9
	2012	74,0	58,0	54,7	34,8
Prosent med faglært arbeid	2009	28,8	35,3	41,3	37,8
	2012	28,6	37,6	35,9	33,9
Prosent med arbeid som krev høgare utdanning	2009	1,4	4,3	9,2	18,4
	2012	1,6	6,2	12,7	23,8
Prosent sjølvstendig næringsdrivande	2009	7,5	18,3	23,7	34,8
	2012	8,9	20,8	34,1	33,0
Prosent heime som foreldre	2009	2,8	4,8	8,4	9,0
	2012	2,6	4,7	6,5	5,3

I både 2009 og i 2012 hadde tre av fire innsette i den yngste aldersgruppa hatt ufaglært arbeid (dvs. av dei som har hatt arbeid). Det gjaldt halvparten av dei eldste i 2009, men berre tredjeparten av dei eldste i 2012. I 2009 var det aldersgruppa 35 til 44 år som hadde den største delen med faglært arbeid; i 2012 gjaldt det den nest yngste aldersgruppa (25 til 34 år).

Prosentdelen som har hatt faglært arbeid står fram som litt jamnare over aktuelle aldersgrupper. Prosentdelen kvinner som ikkje har hatt arbeid var noko større enn blant mannlege innsette både i 2009 og i 2012 (tabell III.8). I 2009 var det lik fordeling mellom kvinner og menn når det gjaldt ufaglært arbeid, men i 2012 var prosentdelen kvinner med det (69,7 prosent) klart større enn hos menn (53,2 prosent). Forskjellen mellom kvinner og menn i faglært arbeid var den same i 2009 og 2012.

Tabell III.8. Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter kjønn prosentuert av dei som *har hatt* arbeid.

		Kvinner	Menn
Prosent som ikkje har hatt arbeid	2009	13,9	8,6
	2012	10,8	6,4
<hr/>			
Prosent med ufaglært arbeid	2009	65,6	62,4
	2012	69,7	53,2
<hr/>			
Prosent med faglært arbeid	2009	23,7	37,7
	2012	22,7	36,1
<hr/>			
Prosent med arbeid som krev høgare utdanning	2009	9,7	8,2
	2012	9,1	10,9
<hr/>			
Prosent sjølvstendig næringsdrivande	2009	10,8	22,4
	2012	13,6	25,4
<hr/>			
Prosent heime som foreldre	2009	38,7	3,7
	2012	27,3	3,4

Prosentdelen faglært arbeid var også omtrent den same dei to åra. Det er framleis ein viss kjønnskilnad når det gjeld prosentdelen som har vore sjølvstendig næringsdrivande (13,6 prosent av kvinnene og 25,4 prosent av mennene i 2012), ein skilnad som var nær identisk i 2009. Prosentdelen som har vore heime som foreldre var klart ulik (27,3 prosent av kvinnene og 3,4 prosent av mennene).

IV. Utdanningsaktivitet i fengslet

Alle fengsla i Noreg tilbyr no opplæring til dei innsette, men tilboda varierer mykje. Ein del av variasjonen i dei innsette si deltaking kan blant anna forklarast ut frå variasjonen i både tilbodet og rettleiinga som den enkelte får, men også kva som er eigne vurderingar av relevans, interesser og kompetanse. Og det heng i hop med kva utdanning eller opplæring dei allereie har. Før vi ser nærare på korleis utdanningsaktiviteten i fengsla heng saman med tidlegare skulegang og alder, soningslengd og domsgrunnlag, ser vi i tabell IV.1 på kor stor del som heldt på med dei ulike utdanningsnivåa som vart gitt, både i 2009 og i 2012.

Tabell IV.1. Prosent innsette og utdanningsaktivitet i fengslet. N=100 %.

	2009	2012
	N=1373	N=1275
Tar inga utdanning/opplæring i fengslet	58,9	46,4
Grunnopplæring	1,9	2,0
Vidaregåande opplæring, 1. år	9,2	8,1
Vidaregåande opplæring, 2. år	3,4	6,6
Vidaregåande opplæring, 3. år	5,2	12,2
Fagskuleutdanning*	-	0,9
Høgare utdanning	4,1	5,3
Anna (t.d. språkkurs, datakurs, arbeidskvalifiserande kurs)	17,4	18,5

* ikkje spesifisert før i 2012.

I 2006-undersøkinga var det 68,4 prosent av dei norske innsette som opplyste at dei ikkje tok noko form for utdanning eller opplæring medan dei sat inne. Dette talet vart redusert til 58,9 prosent i 2009 og til 46,4 i 2012. Ein del av denne endringa kan vi kalle strukturell ved at det etter 2007 vart gitt slike tilbod i alle fengsel, noko som ikkje var tilfelle i 2006. Det er framleis slik at nesten kvar femte innsett held på med «anna utdanning», dvs. korte kurs og liknande. Tanken har vore at denne kategorien skal fange opp opplæring og utdanning som dei innsette held på med, men som ikkje utan vidare fell inn under det autoriserte og institusjonaliserte trenivåsystemet. Det kan likevel tenkjast at innsette kan halde på med sjølvstudium gjennom brevkurs i fag som t.d. ligg på nivå med vidaregåande opplæring eller som kan bli godkjent som det. Det kan også tenkjast at innsette går på kurs som er autorisert som vidaregåande opplæring, men at dei har kryssa av her fordi dei sjølv oppfattar det som noko anna enn vidaregåande opplæring.

Prosentdelen innsette som heldt på med grunnopplæring i fengslet var den same i 2009 som i 2012. Det var ein større del av dei innsette som heldt på med

vidaregåande opplæring utover første året i 2012 enn i 2009. Samla sett heldt 17,8 prosent innsette på med vidaregåande opplæring i fengslet i 2009; tilsvarende tal for 2012 var 26,9.

Tabell IV.2. Utdanningsnivået som dei innsette tar i fengsel etter kva nivå dei allereie har fullført. 2012. Prosent.

Utdanninga (nivået) som dei innsette har fullført								
Tar i fengslet:	Har inga utdanning	Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Fag-skule	Enkelt-fag	Grads-utd.
Ikkje utd. i fengsel	53,3	56,3	43,3	39,8	43,8	68,6	31,4	43,4
Nivået under fullført	-	-	1,4	6,8	5,7	5,9	11,4	9,6
Same nivå som fullført	-	2,8	14,4	10,0	23,3	0	34,3	30,1
Nivået over fullført	13,0	16,6	18,3	24,9	7,1	3,9		
“Ikkje-kvalifisert” nivå	17,4	5,3	7,2	1,4	-	-	-	-
Anna utdanning	16,3	19,0	15,4	17,2	20,2	21,6	22,9	16,9
N=100 %	92	247	208	221	297	51	70	83

Eit normalløp for dei innsette sin utdanningsaktivitet i fengslet, slik vi vurderer det, er anten å gjere ferdig det som dei ikkje har fullført (frå før) eller å halde fram på eit nivå over det som dei allereie har. Det finst innsette som bryt dette normalløpet og som tek opp att enkeltfag eller delar av utdanningane sine. Dette kan vere fordi dei har stroke i noko eller dei vil forbetre seg. Det finst også innsette som tar utdanning på det som vi her kallar «ikkje-kvalifisert» nivå. Det inneber at ein innsett ikkje har fullført t.d. grunnopplæringa, men tar likevel fag på vidaregåande. Det kan også vere at den innsette ikkje har fullført vidaregåande, men tar likevel fag på høyskule. (I dette tilfellet kan det rett nok vere at vedkommande har tileigna seg studiekompetanse på andre måtar enn ved vidaregåande opplæring, noko vi ikkje har tilstrekkeleg med opplysningar om til å kunne vurdere.)

Forklaringane på såkalla «ikkje-kvalifisert» nivå kan vere fleire enn det. Frå informert hald i 2009 fekk vi opplyst at ein del innsette som ikkje hadde fullført grunnopplæringa fann det for elementært å ta til att på det nivået. Dei fekk då gjerne plass i vidaregåande, i fag som dei sjølve meinte eller som dei hadde vist at dei kan ta del i. Ei tilsvarande forklaring kan vere at innsette (i godt vaksen alder) rett og slett synest at det blir feil å ta til att med grunnskulefag. Dei får då innføringskurs for å oppdatere seg slik at dei kan ta til på vidaregåande opplæring. Desse kursa blir av dei innsette (truleg) markert til å vere på vidaregåande nivå i spørjeskjema. På kva nivå tar så dei innsette utdanning med utgangspunkt i kva dei allereie har fullført? Dette ser vi nærare på i tabell IV.2.

Den høgaste prosentdelen innsette som heldt på med utdanning i fengsel finn ein blant dei som har enkeltfag frå høgskule eller universitet, nesten sytti prosent (100 minus 31,4). På den andre sida var det heile 68,6 prosent av dei som har fagskuleutdanning som sa at dei *ikkje* heldt på med noko utdanning i fengslet. Største prosentdelen som tok det vi kallar for "ikkje-kvalifiserte" nivå finn ein blant innsette som ikkje har fullført noko form for utdanning (17,4 prosent). Desse heldt på med vidaregåande opplæring utan å ha grunnopplæringa, og kan såleis falle inn under resonnementet nemnt ovanfor, det at dei får tilpassa eit læringsopplegg innan vidaregåande opplæring trass i at dei ikkje har grunnivået. Omtrent kvar sjette innsett (16,6 prosent) med fullført grunnopplæring gjekk på første året vidaregåande; dette er nesten identisk med talet i 2009 (15,3 prosent). Uansett kva utdanningsnivå dei innsette har fullført, så var det mellom ein av seks og litt meir enn ein av fem som heldt på med uspesifisert anna utdanning i fengslet. I tabell IV.3 ser vi korleis utdanningsaktiviteten i fengslet fordelar seg når vi kategoriserer dei innsette etter alder og vi samanliknar åra 2009 og 2012.

Tabell IV.3. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter aldersgrupper. Prosent. N=100 %.

	18 til 24 år		25 til 34 år		35 til 44 år		Over 44 år	
	2009	2012	2009	2012	2009	2012	2009	2012
	N=237	N=213	N=438	N=298	N=356	N=294	N=271	N=234
Inga utdanning i fengslet	61,6	41,3	54,6	39,6	59,6	46,3	61,6	57,7
Grunnopplæring	1,3	1,4	1,6	2,0	2,2	1,7	2,2	2,6
Vgo 1. år	13,1	16,4	11,6	9,1	7,6	6,1	4,1	3,8
Vgo 2. år	4,2	10,3	3,4	7,7	3,7	6,1	2,6	0,9
Vgo 3. år el. meir	3,0	11,7	8,0	17,4	5,1	12,6	2,6	5,1
Fagskuleutdanning*	-	0,9	-	0,7	-	1,7	-	0,9
Høgare utdanning	0,8	1,9	4,1	6,7	6,2	6,5	4,4	7,3
Anna (kurs e.l.)	16,0	16,0	16,7	16,8	15,7	19,0	22,5	21,8

* ikkje spesifisert før i 2012.

Innsette i aldersgruppa 25 til 34 år er dei som i størst grad tek del i opplærings- og utdanningsaktiviteten; det gjaldt både i 2009 og 2012. I 2009 var det dei yngste som i minst grad tok del i utdanningsaktiviteten i fengslet, merkeleg nok med ein like stor prosentdel som innsette i den eldste gruppa. I 2012 var dette i praksis snudd. Utdannings- og opplæringsaktiviteten var då størst blant dei yngste og han gjekk noko ned med stigande alder. I overkant av kvar femte innsett blant dei eldste heldt på med kurs som ikkje fall inn under tre-nivåsystemet i 2012; dette er nokså likt 2009-undersøkinga. Den største delen som heldt på med vidaregåande opplæring i 2009 fanst i den nest yngste aldersgruppa (23 prosent); dette gjaldt 34,9 prosent av dei innsette i alderen 25 til 34 år i 2012. Dei fleste av desse heldt på med tredje året (eller meir, inkludert fagskuleutdanning). Nesten kvar fjortande innsett over 44 år heldt på med universitet- eller høgskuleutdanning (7,3 prosent).

Skilnadene mellom menn og kvinner er små når det gjeld utdanningsaktiviteten i fengslet (tabell IV.4). I 2012 var det framleis ein litt større del kvinner enn menn som heldt på med «anna utdanning», som kurs o.l. (25,7 mot 18,1). Prosentdelen kvinner som ikkje heldt på med utdanning var litt lågare enn hos menn, også i 2012 (41,9 mot 46,7 prosent), og på same måten som hos mannleg innsette var dette ein god del lågare i 2012 enn i 2009.

Tabell IV.4. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter kjønn. Prosent. N=100 %

	Kvinner		Menn	
	2009	2012	2009	2012
	N=106	N=74	N=1223	N=1201
Inga utdanning i fengsel	51,9	41,9	59,4	46,7
Grunnopplæring	4,7	2,7	1,6	1,9
Vgo 1. år	11,3	9,5	9,0	8,0
Vgo 2. år	0,9	8,1	3,6	6,5
Vgo 3. år	6,6	10,8	5,1	12,3
Fagskuleutdanning*	-	0	-	0,9
Høgare utdanning	3,8	1,4	4,1	5,6
Anna (kurs e.l.)	20,8	25,7	17,2	18,1

* ikkje spesifisert før i 2012.

Har det så noko å seie for utdanningsaktiviteten i fengslet kva fengslingsgrunnlag dei innsette har? Tabell IV.5 viser at det har det. Vi ser at ein av fire innsette i forvaring heldt på med vidaregåande opplæring; ein litt større del gjorde det i 2009 (innsette i forvaring er ei lita gruppe, dvs. prosentueringsgrunnlaget er lite). Blant innsette i forvaring finn vi så den høgaste delen som heldt på med universitets- eller høgskuleutdanning. I gruppa innsette i varetekt utan dom var det heile 65,6 prosent som ikkje tok noko form for utdanning eller opplæring i fengslet i 2012. Innsette som sat i varetekt med anka dom hadde ein nesten like store del som ikkje var deltakande i opplæringsaktiviteten i fengsla, omtrent seksti prosent. Den generelle tendensen er at ein større del innsette med dom heldt på med utdanning eller opplæring enn innsette i varetekt.

Tabell IV.5. Innsettesin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter fengslingsgrunnlag. Prosent. N=100 %.

	Dom		Forvaring*		Varetekt – utan dom		Varetekt – anka dom**	
	2009	2012	2009	2012	2009	2012	2009	2012
	N=1135	N=1084	N=17	N=27	N=167	N=125	-	N=37
Inga utdanning i fengslet	58,5	44,1	5,9	33,3	67,7	65,6	-	59,5
Grunnopplæring	1,6	1,8	5,9	7,4	3,6	1,6	-	2,7
Vgo 1. år	8,9	8,4	23,5	7,4	10,2	4,0	-	13,5
Vgo 2. år	3,3	6,5	5,9	11,1	3,6	5,6	-	8,1
Vgo 3. år	5,6	13,1	11,8	7,4	2,4	7,2	-	8,1
Fagskule-utdanning**	-	0,7	-	3,7	-	1,6	-	0
Høgare utdanning	4,2	5,6	17,6	18,5	0,6	1,6	-	0
Anna (kurs e.l.)	17,9	19,6	29,4	11,1	12,0	12,8	-	8,1

* svært lite prosentueringsgrunnlag; ** ikkje spesifisert før i 2012.

Dei store skilnadene blant dei innsette kjem likevel klarast fram når vi ser på kva domslengda har å seie for opplæringsaktiviteten i fengslet (tabell IV.6, der innsette i varetekt utan dom er haldne utanfor). Medan akkurat to av tre innsette med dom under tre månader *ikkje* deltok i utdanning eller opplæring, så gjaldt det omtrent fjerdeparten (26,4 prosent) av dei med lengst dom. Det er interessant å merke seg at prosentdelen som heldt på med anna utdanning var klart fallande med domslengda i 2012. I 2009 var dette ikkje like klart. Dette kan kanskje vere ein indikator på at dess lenger dom dei innsette har, dess større er sjansen for å komme til i dei meir etablerte og institusjonaliserte utdanningane og opplæringstilboda i fengsla. Det er også ein klar tendens til at dess lenger dom dei innsette har, dess større del tek vidaregåande opplæring andre og tredje år.

Måten domslengda er kategorisert på i tabell IV.6 heng att frå måten vi spurde dei innsette om domslengda på i undersøkingane i 2004, 2006 og 2009. Vi har valt å presentere akkurat dette slik i denne rapporten også for å kunne samanlikne med tidlegare undersøkingar. I 2012 vart dette spesifisert i finare grad i skjemaet. Dei innsette kunne då krysse av for domslengda si som eitt-årsintervall dersom dei hadde meir enn eitt års fengsel og litt kortare intervall dersom dei hadde dom som vart kortare enn eitt år (sjå spørjeskjemaet). I tillegg veit vi frå 2012-undersøkinga også kor langt dei innsette er komne i soningsløpet sitt. Dei innsette kunne krysse av for kor mykje av dommen dei på undersøkingstidspunktet hadde sona (mindre enn tredjeparten, mellom tredjeparten og to tredjepartar, meir enn to tredjepartar). Dei kunne også krysse av for om dei i praksis var ferdig med soninga eller om dei nettopp hadde starta.


Tabell IV.6. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt). Prosent. N=100 %.

	Under 3 mnd		3 til 12 mnd		1 til 5 år		Meir enn 5 år	
	2009	2012	2009	2012	2009	2012	2009	2012
	N=277	N=183	N=345	N=366	N=356	N=385	N=156	N=174
Inga utdanning i fengslet	74,7	66,7	62,0	50,8	53,9	36,1	25,6	26,4
Grunn-opplæring	1,1	1,1	1,2	1,4	1,7	2,3	2,6	4,0
Vgo 1. år	1,8	1,6	9,9	9,0	11,0	11,2	17,3	8,0
Vgo 2. år	1,4	2,2	1,7	6,3	4,5	8,1	8,3	9,8
Vgo 3. år	0	4,4	3,5	9,3	9,0	15,6	12,8	22,4
Fagskule-utdanning*	-	0	-	0,3	-	1,6	-	0,6
Høgare utdanning	0	1,1	0,6	1,6	5,3	6,0	19,2	20,1
Anna (kurs e.l.)	20,9	23,0	21,2	21,3	14,6	19,2	14,1	8,6

* ikkje spesifisert før i 2012.

Start og slutt på soning inneber meir uro, dvs. ein usikker og ny situasjon for dei innsette. Særleg gjeld dette i starten av soninga, og alt som det då medfører av endra livssituasjon, der både familie, husvære, arbeidsliv og økonomi blir påverka. Dette gjev grunn for å stille to spørsmål: er det slik at den stigande tendensen til undervisningsdeltaking i fengsla følgjer domslengda lineært; kan posisjon i soningsløpet gje svar på om den innsette tek del i utdanning og opplæring i fengslet eller ikkje?


Figur IV.1 viser prosentdelen innsette som heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet etter kor lang dom dei hadde. I tillegg viser figuren kor stor del av dei innsette som er i den delen av soningsløpet der dei hadde sona mindre enn to tredjepartar på undersøkingstidspunktet. Fram til og med dei som har ei domslengde på fire til fem år, er prosentdelen som heldt på med opplæring i fengslet stigande. Her er det også ein stigande del innsette som ikkje har sona meir enn to tredjedelar av dommen og det er nært samanfall mellom dei to prosentdelane. Etter den domslengdekategorien varierer prosentdelen som er i den delen av soningsløpet meir, og prosentdelen som heldt på med opplæring er så lågast hos dei som sonar ein dom på sju til åtte år. Nærare undersøking av innsette i denne gruppa viser at prosentdelen som hadde fullført gradstudium ved universitet var klart større enn i dei andre domslengdegruppene. Truleg er dette innsette som opplever at dei ikkje treng meir utdanning; dei har valt å halde på med andre ting medan dei sonar. Vi kan ikkje sjå bort frå at dette er eit utfall av rein slump: at det i akkurat denne gruppa kom til å vere så mange som meiner at dei ikkje treng meir utdanning i oktober i 2012. Prosentdelen som heldt på med utdanning stig så igjen når det gjeld innsette som har lengre dom enn sju til åtte år. Frå og med domslengde på ni til ti år og resten av dei spesifiserte kategoriane er det fullt samanfall i prosentdel innsette som heldt på med opplæring og prosentdelen som er i det her spesifiserte soningsløpet.



Figur IV.1. Prosent innsette som heldt på med opplæring i fengslet og prosent innsette som var innanfor 2/3 av soningsløpet sitt etter domslengde. 2012.

Svaret på spørsmålet om forholdet mellom domslengde og opplæringsdeltaking i fengslet er lineært er på grunnlag av det som vi ser i figur IV.1, delvis «ja». Inntil domslengda fire til fem år kan det synest som at det er ein stigande lineær samanheng. Deretter endrar biletet seg noko. Vi ser likevel at prosentdelen innsette som held på med opplæring i fengslet er godt over 60 for dei med domslengde over åtte år. Vi har i tidlegare rapportar sett at alderen til dei innsette også har noko å seie når det gjeld deltaking i opplæring. Tendensen har vore at dess yngre den innsette er, dess meir truleg er det at vedkommande held på med opplæring i fengslet. Dei eldste innsette føler gjerne at dei er for gamle til å halde på med utdanning eller opplæring eller dei føler at dei har nok av det. Spørsmålet blir då korleis alderen til den innsette og domslengda samspelar med det å halde på med utdanning eller opplæring? Er det slik at effekten av domslengda opphevar effekten av alder?

I figur IV.2 har vi igjen framstilt dette grafisk. Her har vi delt dei innsette inn i tre grupper når det gjeld alder: dei som er yngre enn eitt standardavvik frå gjennomsnittet (dvs. 10,8 år), dei som er eitt standardavvik eldre enn gjennomsnittet (også 10,8 år) og dei i mellom. (Standardavviket er i praksis eit mål på gjennomsnittleg avvik frå gjennomsnittet.) Sidan det var ein relativt stor del av dei innsette som (denne gongen) let vere å oppgjje fødselsåret sitt (18,5 prosent), misser vi ein del personar i denne analysen og framstillinga. Størst er problemet når det gjeld innsette med lange dommar, der prosentueringsgrunnlaget etterkvart er svært lite for dei med lengst dom. Derfor har vi i figur IV.2 slege saman alle som har dommar lengre enn seks år til ei gruppe.



Figur IV.2. Prosent innsette som heldt på med opplæring i fengslet etter domslengde og alder (yngste: yngre enn eitt standardavvik under gjennomsnittet; eldste: eldre enn eitt standardavvik over gjennomsnittet). 2012.

Figuren IV.2 fortel fleire ting. Deltaking i opplæring eller undervising i fengslet har ein lineær stigande tendens for dei yngste og dei i mellomgruppa (dei som var mellom eitt standardavvik over og under gjennomsnittet i alder) fram til at domslengda er ca. fire år. Dei eldste innsette står ikkje fram lineært på same måten. Prosentdelen stig rettnok, men fell noko igjen etter annakvar auke i domslengda. I domslengdegruppa fire til fem år skjer det så noko i alle tre aldersgruppene. Då stig prosentdelen innsette som held på med opplæring kraftig i den eldste gruppa (frå 40 til over 80 prosent); prosentdelen fell litt i den yngste for så å stige kraftig att i neste domslengdegruppe (til 100 prosent for dei med dom på fem til seks år). I midtgruppa stig prosentdelen meir enn kva ei jamn lineær utvikling skulle tilseie, for så å falle att i dei to lengste domslengdegruppene her. I alle tre aldersgruppene går så prosentdelen som held på med opplæring i fengslet ned i den samla domslengdegruppa (over seks år). Det skal nemnast at han likevel er over 60 prosent for dei to yngste aldersgruppene. I figur IV.1 såg vi at prosentdelen som heldt på med opplæring i fengslet blant dei som hadde dommar på over seks år varierte noko. Samanhalde med informasjonen i figur IV.2 så verkar det som at totaleffekten av dommar på over seks år ikkje nødvendigvis yter bidrag til auka opplæringsdeltaking i fengslet.

Rett til opplæring

I 2006-undersøkinga var det sentralt å avdekkje kor stor del innsette som hadde rett til opplæring (Eikeland mfl., 2006). Opplæringslova var då formulert slik at retten til vidaregåande opplæring var definert av når ein var fødd, noko som i praksis medførte at i den studien oppstod det fire «rettsgrupper». Opplæringslova er endra noko sidan den tid, og rett til opplæring fell no grovt sett inn i to grupper: dei som tar ut den ordinære retten innan det året dei fyller 24 år, og dei som er eldre enn det og som kan få rett til opplæring dersom dei søkjer om det. I tillegg kjem det ein del rettsmoment knytt til dei som treng ekstra tid, t.d. spesialundervisning. Vidare kan dei som har hatt avbrot søkje om framhald av retten. Vaksne som er eldre enn aldersgrensa for når retten til opplæring normalt skal takast ut, kan i følgje § 4A-3 i opplæringslova søkje om rett til vidaregåande opplæring. Året 1988 skil denne gongen (i 2012) kva «rettsgrupper» dei innsette fell i.

Tabell IV.7. Prosent innsette med og utan rett til vidaregåande opplæring (vgo) etter når dei var fødte, og delt opp for opplærings situasjonen i fengslet. 2012.

			Har rett til vgo og...				
	Har inga fullført opplæring, tar ingenting i fengslet #	Har inga fullført opplæring, tar grunnopplæring i fengslet	... tar vgo over nivået dei har	... tar vgo på same nivå dei har eller lågare	... tar ikkje vgo	Har ikkje rett til vgo pga. fullført vgo	N= 100 %
Fødd når:							
I 1988 el seinare	2,8	6,1	28,6	13,6	30,5	18,3	213
Før 1988	3,6	2,5	26,3	5,9	23,4*	38,3	827

"Ingenting i fengslet" inneber at dei ikkje tar del i grunn- eller vidaregåande opplæring.

* Desse har rett til vgo under føresetnad av at dei søkjer om og får slik godkjenning, jf. opplæringslova, § 4A-3.

Tabell IV.7 viser at 23,4 prosent av innsette fødte før 1988 ikkje tok vidaregåande opplæring i fengslet på undersøkingstidspunktet i 2012, men dei kan få slik rett om dei søkjer om det (underforstått, dersom andre føresetnader er tilstades). Vi ser vidare at 32,2 prosent (26,3 pluss 5,9 prosent) av innsette fødte før 1998 var under vidaregåande opplæring i fengslet. Dette er ein dobbelt så stor del som i tilsvarande gruppe i 2009-undersøkinga.

Av dei som er fødte i 1988 eller seinare var det 30,5 prosent som ikkje var under vidaregåande opplæring i fengslet, men som hadde rett til slik opplæring, jf. § 3-1. (I 2009 gjaldt dette 58,2 prosent av dei som var fødte etter 1985, dvs. i den tilsvarende gruppa då.) Det kan vere at nokon av desse innsette kan ha mista retten sin ved at dei ikkje har fullført opplæring på den tida som er «normert» (dvs. samanhengande fem eller seks år), jf. § 3-1. Dette kan vi ikkje finne ut noko meir om her. Dei som ikkje har gjennomført grunnopplæringa vil kunne få rett til vidaregåande opplæring når den er fullført.

Estimata i 2006 og 2009

I 2006 vart det *estimert* at totalt 850 innsette i norske fengsel på undersøkingstidspunktet, som hadde rett til vidaregåande opplæring i fengslet, ikkje tok det eller ikkje fekk det. I tillegg vart det *estimert* at 230 innsette ikkje hadde fullført grunnopplæringa. Desse ville kunne fått rett til vidaregåande opplæring om dei fullførte grunnopplæringa. Med andre ord var det ein stor del innsette som av ulike grunnar ikkje utnytta eller fekk utnytta og brukt den retten dei hadde til opplæring i 2006.

Vi gjorde ei tilsvarende utrekning for heile populasjonen innsette på undersøkingstidspunktet i mai i 2009 (dvs. 3 359 innsette). Basert på prosenttala den gongen estimerte vi at 1 128 innsette (som då var fødte før 1985), ikkje tok eller hadde fullført vidaregåande opplæring. Desse ville kunne få slik rett om dei søkte og elles oppfylte krava. I tillegg kom det den gongen 187 innsette (estimert) i tilsvarende aldersgruppe som ikkje hadde fullført grunnopplæringa, og som ville kunne søkje om same retten til vidaregåande opplæring når det vart gjort. Av innsette i 2009-undersøkinga som var fødte i 1985 eller seinare var det 58,2 prosent som ikkje heldt på med eller ikkje hadde fullført vidaregåande opplæring, men dei hadde rett til det. Då vi brukte *det* prosenttalet for å estimere blant desse i heile fangepopulasjonen på undersøkingstidspunktet, var talet innsette med rett til vidaregåande opplæring i den aldersgruppa 381. I tillegg vart det estimert at 66 innsette som ikkje hadde grunnopplæring kom i tillegg når og om ho vart tatt. Totalt sett var det såleis på undersøkingstidspunktet i mai 2009 litt under halvparten av alle innsette (1 509 av 3 359) som *hadde rett* til vidaregåande opplæring utan å få slik opplæring. I tillegg kom dei som fekk eller kunne få rett om grunnopplæringa vart fullført.

Estimat i 2012

Vi har gjort tilsvarende estimat når det gjeld 2012-undersøkinga. Desse estimata gjeld då berre den delen av fangepopulasjonen som er norske statsborgarar. Prosentsatsane frå tabell IV.7 brukar vi på heile populasjonen innsette med norsk

statsborgarskap i 2012, dvs. 2 439 innsette, jf. Justisdepartementet sine tal for aktuell veke. Då var det 23,4 prosent av dei som var fødde før 1988 som ville kunne få rett til vidaregåande opplæring om dei søkte om det. Det tilsvarer 454 personar. Innsette fødd før 1988 som ikkje hadde fullført grunnopplæring utgjorde 3,6 prosent; det tilsvarer 69 personar i populasjonen norske innsette. Det var så 2,5 prosent av dei fødde før 1988 som heldt på med grunnopplæringa i fengslet utan at ho var fullført. Det tilsvarer 49 personar i den norske fangepopulasjonen.

Av dei som var fødde i 1988 eller seinare var det 30,5 prosent som hadde rett til vidaregåande opplæring i fengslet, men heldt ikkje på med det; i den aktuelle fangepopulasjonen tilsvarer det 153 personar. Blant innsette i denne aldersgruppa var det 2,8 prosent som ikkje hadde fullført grunnopplæringa; i absoluttal blir det 14 personar. Det var så 6,1 prosent innsette fødde i 1988 eller seinare som heldt på med grunnopplæringa i fengslet, men som på undersøkingstidspunktet ikkje hadde fullført ho. Det tilsvarer 31 personar i heile fangepopulasjonen.

Samanlagt i dei to gruppene er det altså estimert at 607 (454 + 153) innsette i heile fangepopulasjonen (norske) hadde rett til vidaregåande opplæring i fengslet, men heldt ikkje på med det på undersøkingstidspunktet. Utover det var det 163 personar (69 + 49 + 14 + 31) som ikkje hadde fullført grunnopplæringa og som dermed kan få rett til vidaregåande opplæring når ho er fullført.

Gruppa som har rett til vidaregåande opplæring er altså todelt, dei som har rett og held på med det i fengslet, og dei som har rett, men som ikkje held på med det. I tillegg kan dei, som nemnt, delast inn i vaksenrett og ungdomsrett. I 2009 var det 16,7 prosent av dei innsette (utlendingar inkludert) som hadde rett til vidaregåande opplæring og som heldt på med det; 44,9 prosent hadde den gongen rett, men heldt ikkje på med det. Totalt var det då 61,6 prosent innsette som hadde rett til vidaregåande opplæring. I 2012 var det 34,2 prosent innsette (norske statsborgarar) som hadde rett til vidaregåande opplæring og som fekk det; 24,9 prosent hadde rett, men heldt ikkje på med vidaregåande opplæring. Til saman var det altså 59,1 prosent innsette som hadde rett til vidaregåande opplæring i 2012.

Opplæring av utdanninga i fengslet

Korleis opplever så dei innsette som held på med utdanning i fengslet dette? Vi la i spørjeskjemaet ikkje opp til ei detaljert evaluering av undervisinga, men valde i 2012 å nytte åtte spørsmål som er viktige for opplærings situasjonen i fengsla og for læring generelt (sjå kapittel I). Dette var fire fleire enn i 2009 og berre to av dei var overlappende. I tabell IV.8 presenterer vi resultatata for dei to temaa som var dei same i dei to undersøkingane.

Dei innsette kunne gje sine synspunkt på dette på ein fempunktsskala frå 'helt uenig' til 'helt enig'. Vi samanheldt utsegnene med den utdanninga eller

opplæringa dei innsette heldt på med i fengslet. For at presentasjonane av tal ikkje skal bli unødig kompliserte, har vi valt å berre presentere prosentdelen som uttrykte ekstremverdiane, dvs. 'heilt usamd' eller 'heilt samd'. Dette er relativt uproblematisk sidan svarmønsteret jamt over er nokså klart.

I begge undersøkingsåra var det ein viss tendens til at dei som heldt på med vidaregåande opplæring var mest nøgde. Dei som heldt på med grunnopplæring i 2012 var minst nøgde, og gav også i størst grad uttrykk for at dei var usamde. Derimot skil ikkje utdanningsaktivitetsnivået i særleg grad mellom dei som var heilt samde i at tilbodet passa dei innsette. Omtrent førti prosent av dei som heldt på med vidaregåande opplæring sa seg samde i at opplæringa var tilpassa dei, og tala var nokså like i 2009 og 2012.

Tabell IV.8. Innsette si oppleving av utdanninga eller opplæringa i fengslet etter kva utdanningsaktivitet dei held på med. Vurderingar som vart gjort både i 2009 og 2012. Prosent.

			Grunn- oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Høgare utd.	Anna utd.
Eg er nøgd med undervisinga/ opplæringa	2009	Heilt samd	38,9	48,2	48,8	57,6	30,6	40,9
		Heilt usamd	0	3,5	2,4	3,0	28,6	11,3
	2012	Heilt samd	27,3	54,0	55,6	52,7	29,3	41,9
		Heilt usamd	13,6	3,0	2,5	4,0	10,3	6,3
Opplæringa er tilpassa meg	2009	Heilt samd	35,7	46,4	37,5	37,7	32,7	32,6
		Heilt usamd	0	6,2	2,5	4,9	32,7	16,6
	2012	Heilt samd	25,0	42,1	46,9	43,9	21,1	37,1
		Heilt usamd	15,0	3,2	1,2	7,4	14,0	8,6

Vi ser så ein del endringar når det gjeld dei som heldt på med grunnopplæring og universitet- og høgskuleutdanning. Prosentdelen som sa seg heilt samde i at opplæringa var tilpassa dei var klart lågare i 2012 enn i 2009. Trass ein del endringar står likevel resultatata i tabell IV.8 fram som relativt stabile når vi ser dei to undersøkingsåra opp mot einannan.

Vi går vidare til dei utsegnene som var spesifikke for 2012 og ser kva mønster som då gjorde seg gjeldande blant dei innsette, der vi delar dei opp etter same måten. (Vi spurde også om fagskuleutdanning i 2012, men har likevel valt å ikkje ta dei med i dette sidan berre ti innsette sa at dei heldt på med fagskuleutdanning). Eitt mønster går att (tabell IV.9). Utan unnatak er prosentdelen som er heilt usamde størst blant dei som tok grunnopplæring kontra dei andre opplæringsaktivitetane. Deretter kjem dei som heldt på med universitets- og høgskuleutdanning, som også var ein del usamde i desse fem utsegnene. Vi merker oss at omtrent tredjedelen av dei innsette som heldt på med vidaregåande opplæring sa seg heilt samde i at 'planlagt undervisning blir alltid gjennomført'. I påstanden om bruk av ikt i opplæringa uttrykkjer dei innsette seg i størst grad 'heilt usamd'. I første og andre året av vidaregåande opplæring er det kring ein tredel av elevane som er 'heilt usamd' i at ikt blir brukt aktivt i opplæringa.

Tabell IV.9. Innsette si oppleving av utdanninga eller opplæringa i fengslet etter kva utdanningsaktivitet dei held på med. Vurderingar som berre vart gjort i 2012. Prosent.

		Grunn-oppl.	Vgo 1. år	Vgo 2. år	Vgo 3. år	Høgare utd.	Anna utd.
Ikt blir brukt aktivt i opplæringa	Heilt samd	22,2	30,1	35,0	20,4	23,2	36,3
	Heilt usamd	38,9	8,6	15,0	22,4	19,6	21,8
Lærarane stiller krav	Heilt samd	40,0	44,7	35,4	38,1	24,1	33,2
	Heilt usamd	15,0	4,3	3,8	5,4	11,1	8,2
Lærarane har tru på meg	Heilt samd	35,0	56,2	63,0	67,1	38,2	47,0
	Heilt usamd	10,0	1,0	2,5	0,7	3,6	2,8
Lærarane bryr seg om meg	Heilt samd	50,0	52,6	53,8	66,7	35,7	44,8
	Heilt usamd	15,0	1,1	3,8	2,0	5,4	4,4
Planlagt undervising blir alltid gjennomført	Heilt samd	26,3	31,6	33,3	34,0	19,6	36,3
	Heilt usamd	15,8	5,3	3,7	4,8	9,8	7,1
Eg får den rådgevinga som eg treng	Heilt samd	36,8	45,8	40,7	46,3	30,4	41,5
	Heilt usamd	15,8	5,2	6,2	5,4	12,5	6,0

V. Utdanningsønske

Dei innsette fekk høve til å gjere greie for kva utdanningsønske dei har. Vi såg i førre kapittel at opplæringsaktiviteten i fengslet delvis heng saman med kor lang dom dei innsette har, men også med domsgrunnlaget. Derfor er det truleg at også utdanningsønska kan henge saman med kva som er fengslingsgrunnlaget til dei innsette og kor lang dom dei har. Ein spesielt usikker situasjon har dei som sit i varetekt.

Ønske i fengslet

Uavhengig av om dei innsette heldt på med utdanning eller ikkje var det i overkant av åtti prosent (80,9 prosent) som ønskte seg utdanning eller opplæring i fengslet. Tilsvarende tal for norske innsette i 2009 var 67 prosent.

Tabell V.1. Prosent innsette med utdanningsønske i fengslet etter domsgrunnlag. N=100 %.

	Dom		Forvaring*		Varetekt – utan dom		Varetekt – anka dom	
	2009	2012	2009	2012	2009	2012	2009	2012
	N=1118	N=1073	N=17	N=26	N=159	N=123	-	N=37
Utdanningsønske:								
Inga utdanning i fengslet	35,0	19,9	11,8	23,1	22,0	13,0	-	16,2
Grunnopplæring	2,1	1,7	0	3,8	3,1	1,6	-	2,7
Vgo 1. år	11,4	4,9	17,6	3,8	21,4	6,5	-	8,1
Vgo 2. år	5,6	7,5	5,9	7,7	8,2	6,5	-	5,4
Vgo 3. år	8,1	20,8	5,9	19,2	6,9	26,8	-	32,4
Fagskule-utdanning**	-	3,7	-	3,8	-	6,5	-	0
Høgare utdanning	11,1	14,1	23,5	30,8	14,5	13,0	-	21,6
Anna (kurs e.l.)	26,7	27,5	35,3	7,7	23,9	26,0	-	13,5

* lite prosentueringsgrunnlag; ** ikkje spesifisert før i 2012.

Det går også klart fram av tabell V.1 at prosentdelen som ikkje ønskjer seg utdanning i fengslet har gått ned blant innsette med dom eller i varetekt utan dom i 2012 samanlikna med 2009. Sjølv om vi ikkje har tal frå 2009 som gjeld varetekt med anka dom, er det nokså tydeleg at situasjonen der er nokså lik dei andre i varetekt. Det er berre blant innsette i forvaring at prosentdelen som ikkje ønskjer seg utdanning i fengslet har gått litt opp. (Her må ein vere merksam på at prosentueringsgrunnlaget er så lågt at enkeltpersonar gir store utslag i prosentane.) Jamnt over er det slik at omtrent fjerdeparten av dei innsette ønskjer seg 'anna utdanning', i praksis vil det truleg seie korte kurs. Vi kan ikkje sjå bort frå at dette (også) kan dreie seg om kursaktivitet som er knytt til den meir institusjonaliserte opplæringa, som til dømes vidaregåande opplæring er. Dei innsette ser likevel ikkje for seg lange utdanningsløp, som nokon kan oppfatte vidaregåande opplæring til å vere.

Det er nærliggjande å tru at lengda på dommen som dei innsette har, også har konsekvensar for korleis dei ser på sjansane til å ta utdanning i fengsel. Situasjonen for dei som sit i varetekt utan dom er vesentleg ulik den for andre innsette. Dei har enno ikkje fått endeleg dom, og kan dømmast til varetekt for fire veker i gongen (i spesielle tilfelle kan ein få lenger varetektsdom). Tabell V.2 inkluderer såleis ikkje dei som sit i varetekt utan dom.

Tabell V.2. Prosent innsette med utdanningsønske i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt utan dom). N=100 %.

Utdanningsønske:	Under 3 mnd		3 til 12 mnd		1 til 5 år		Meir enn 5 år	
	2009	2012	2009	2012	2009	2012	2009	2012
	N=278	N=182	N=342	N=363	N=348	N=381	N=151	N=171
Inga utdanning i fengslet	51,8	33,0	39,5	22,9	26,7	14,7	9,3	9,9
Grunnopplæring	0,7	0,5	2,0	1,4	3,4	2,6	1,3	2,3
Vgo 1. år	6,1	2,7	15,8	7,7	10,9	5,0	13,9	1,2
Vgo 2. år	2,5	3,8	4,7	9,1	8,0	9,2	7,9	4,1
Vgo 3. år	3,2	12,6	5,3	21,2	12,9	23,9	13,2	24,6
Fagskuleutdanning*	-	1,6	-	1,9	-	5,0	-	5,8
Høgare utdanning	3,6	4,4	3,5	6,3	14,1	15,7	37,1	41,5
Anna (kurs e.l.)	32,0	41,2	29,2	29,5	23,9	23,9	17,2	10,5

* ikkje spesifisert før i 2012.

Lengda på dommen har nokså mykje å seie for kor stor del som ønskjer seg utdanning i fengslet (tabell V.2). Utan unnatak er det innsette med lengst dom som også har den største prosentdelen som ønskjer seg utdanning i fengslet. I dei tre første soningslengdegruppene gjekk prosentdelen som *ikkje* ønskjer seg opplæring i fengslet ned i 2012, samanlikna med 2009. Blant dei med lengst dom (meir enn fem år) var prosentdelen den same, ca. ein av ti. Det er særleg verdt å merke seg at blant dei med kortast dom var det faktisk meir enn halvparten i 2009 som *ikkje* ønskte seg opplæring i fengslet; i 2012 gjaldt det ein av tre. Det går også fram at prosentdelen som ønskjer seg tre år vidaregåande opplæring auka i 2012. Blant dei med lengst dom finn vi den klart største delen som ser for seg universitets- eller høgskuleutdanning, og her har prosentdelen auka noko frå 2009 til 2012.

Korleis skil utdanningsønska i fengslet seg når det gjeld dei innsette sin alder? Vi brukar dei same alderskategoriane som tidlegare, og ser nærare på dette i tabell V.3.

Tabell V.3. Prosent innsette med utdanningsønske i fengslet etter aldersgrupper. N=100 %.

Utdanningsønske:	18 til 24 år		25 til 34 år		35 til 44 år		Over 44 år	
	2009	2012	2009	2012	2009	2012	2009	2012
	N=235	N=213	N=430	N=298	N=348	N=294	N=267	N=234
Inga utdanning i fengslet	34,0	16,9	29,5	12,2	31,9	18,5	38,6	29,3
Grunnopplæring	3,0	0,5	1,4	2,7	3,2	1,7	1,5	2,2
Vgo 1. år	19,1	11,7	16,5	5,1	10,3	3,4	4,1	2,6
Vgo 2. år	10,6	17,8	6,0	6,4	4,3	5,8	4,1	0,4
Vgo 3. år	8,5	28,2	9,5	27,7	7,5	20,5	5,6	6,9
Fagskule*	-	2,3	-	3,7	-	5,5	-	4,3
Høgare utdanning	6,0	4,7	13,7	20,9	14,1	18,5	10,1	15,5
Anna (kurs e.l.)	18,7	17,8	23,3	21,3	28,7	26,0	36,0	38,8

* ikkje spesifisert før i 2012.

Mønsteret er også her nokså klart. Dess eldre dei innsette er, desse større er prosentdelen som ikkje ønskjer seg utdanning eller opplæring i fengslet. Like interessant er det å sjå at den prosentdelen er redusert i alle fire aldersgruppene frå 2009 til 2012; i dei tre yngste aldersgruppene er han samla sett halvert. Igjen er det treårig vidaregåande opplæring som er mest ønska, dernest universitets- og høgskuleutdanning. Ønske om uspesifisert anna utdanning (kurs o.l.) var også nemnt av ein stor del innsette, og prosentdelen som vil ha det stig med alderen. Meir enn ein av tre i den eldste aldersgruppa gav uttrykk for det. Av dei som ønskte seg vidaregåande opplæring var det omtrent tre av fire (71,2 prosent) som vil ha yrkesfagleg opplæring.

Tabell V.4. Prosent innsette med utdanningsønske i fengslet etter kjønn. N=100 %.

Utdanningsønske:	Kvinner		Menn	
	2009	2012	2009	2012
	N=104	N=74	N=1199	N=1201
Inga utdanning i fengsel	33,7	24,3	32,9	18,8
Grunnopplæring	4,8	4,1	1,9	1,6
Vgo 1. år	10,6	4,1	12,9	5,2
Vgo 2. år	2,9	8,1	6,2	7,2
Vgo 3. år	6,7	18,9	8,1	21,8
Fagskuleutdanning*	-	4,1	-	3,9
Høgare utdanning	9,6	9,5	11,9	14,9
Anna (kurs e.l.)	31,7	27,0	26,0	26,5

* ikkje spesifisert før i 2012.

Det var også i 2012-undersøkinga relativt små skilnader mellom kvinnelege og mannlige innsette sine utdanningsønske i fengslet (tabell V.4). Ein litt større del kvinner enn menn ønskte ikkje utdanning i 2012. Dette var ulikt i 2009. Totalinntrykket er at utdanningsønska i fengslet er nokså like når det gjeld menn og

kvinner, men med eitt avvik blant dei som ønskjer seg vidaregåande opplæring. Tre av fire menn ønskte seg yrkesfagleg opplæring, dette gjaldt i overkant av ei av to kvinner i fengsla (56,5 prosent).

Tabell V.5. Prosent innsette sine utdanningsønske i fengslet etter tre grunnar til at dei ikkje held på utdanning. 2012. N=100 %.

Utdanningsønske:	Grunnar til ikkje å ta utdanning i fengslet		
	Ventar på plass	Ikkje interessante nok tilbod	Ikkje god nok informasjon
	N=78	N=110	N=94
Inga utdanning i fengsel	7,7	20,9	16,0
Grunnopplæring	3,8	0,9	4,3
Vgo 1. år	9,0	2,7	5,3
Vgo 2. år	10,3	4,5	3,2
Vgo 3. år	25,6	20,0	13,8
Fagskuleutdanning	5,1	3,6	3,2
Høgare utdanning	9,0	15,5	16,0
Anna (kurs e.l.)	29,5	31,8	38,3

Det kan vere fleire grunnar til at dei innsette ikkje ønskjer seg utdanning medan dei er under soning. Nokre av grunnane kan vere å finne i det fengslet dei er; andre gonger er det individuelle grunnar, som at dei føler seg for gamle eller at dei har nok utdanning. På direkte spørsmål om kva dei innsette føretrekte under soning, var det i underkant av kvar femte (18,5 prosent) som sa at dei ønskte å jobbe i fengslet; 26,9 prosent ville berre ha arbeid, medan resten 54,6 prosent ville kombinere dei to aktivitetane. Dei innsette fekk lista opp tolv grunnar der dei kunne gje uttrykk for kva som var årsaka til at dei ikkje heldt på med utdanning i fengslet (dei kunne krysse av for kor mange grunnar dei ville). Nokre av desse grunnane var knytt til den innsette sine personlege ønske og behov (så som at dei var nøgde med utdanninga dei hadde frå før eller at dei følte seg for gamle); andre grunnar var knytt til kva fengslet kunne tilby og kva oppfatning den innsette hadde av det. I rapporten «Motiv for utdanning» (Manger, Eikeland, Roth og Asbjørnsen, 2013) analyserer vi svara på lista med dei tolv

grunnane nærare. Vi spør oss førebels følgjande: Dersom den innsette sa at han eller ho ikkje heldt på med utdanning fordi fengslet ikkje hadde gitt nok informasjon, fordi dei venta på plass eller fordi opplæringstilbodet som fengslet hadde ikkje var interessant nok, kva ønskte dei seg då? Vi ser nærare på det i tabell V.5.

Mellom kvar fjortande og kvar femte innsett ønskjer seg ikkje opplæring i fengslet uansett kva grunn av desse tre. Det kan virke merkeleg at 7,7 prosent av dei som ventar på plass ikkje ønskjer seg opplæring i fengslet. Dette kan like gjerne vere eit uttrykk for at dei gjerne skulle ha sett livssituasjonen sin annleis, eller at dei ikkje har fått høve til arbeid i fengslet, som dei kan ha føretrekt framfor den utdanninga som dei ventar på. Omtrent ein av tre ønskte seg korte kurs, uansett kva grunnen var. Størsteparten av dei som venta på plass (44,9 prosent) ønskte seg vidaregåande opplæring. Blant innsette som hadde markert for dei to andre grunnane var det ein av seks som ønskte seg universitets- eller høgskuleutdanning.

VI. Sjølvvurdering av dugleik

Dei innsette fekk denne gongen høve til å vurdere dugleikane sine innanfor dei fem områda lesing, skrivning, rekning (omgrepet matematikk vart brukt i 2009), ikt-bruk og munnleg (det siste var ikkje med i 2009). Denne eigavurderinga vart gjort i tillegg til ei sjølvrapportering av opplevde vanskar når det gjeld lesing, skrivning og matematikk. Det siste vart også gjort i 2004- og 2006-undersøkingane. Sjølvrapporterte vanskar blir tatt opp i neste kapittel. Her ser vi først nærare på korleis dei innsette vurderte kor gode dei er innanfor dei fem nemnde områda.

I 2009 var det nesten to av tre innsette som vurderte dugleiken i lesing til å vere 'svært god' eller 'god'; ein litt mindre del i skrivning (57,1 prosent) og endå færre i matematikk (37,4 prosent) og ikt-bruk (35,4 prosent). Dette var nokså likt i 2012: Sju av ti innsette vurderte då dugleiken i lesing til å vere 'god' eller 'svært god': seksti prosent sa det om skrivning; noko færre i rekning (46,5 prosent); og omtrent det same når det gjaldt ikt-bruk (42,6 prosent). To av tre sa at dei var 'gode' eller 'svært gode' i munnleg.

Tabell VI.1. Dei innsette sine sjølvvurderingar av dugleik i lesing, skrivning, rekning, bruk av ikt og munnleg. Prosent. 2012.

	Lesing	Skriving	Rekning	Ikt	Munnleg
Svært svak	2,2	2,8	6,6	7,2	1,9
Svak	5,9	8,1	17,4	17,1	4,2
Middels	22,2	28,2	29,5	33,1	23,5
God	35,0	35,6	30,3	26,3	38,8
Svært god	34,8	25,4	16,2	16,3	31,5
N=100 %	1247	1246	1239	1237	1241

Prosentdelen som i 2009 sa at dei var 'svært svake' innanfor desse områda var størst i matematikk (9,7 prosent) og i ikt-bruk (14,1 prosent). I 2012 var det 7,2 prosent som sa at dei var svake i ikt-bruk; 6,6 prosent hevda det same når det gjaldt rekning.

Korleis ser så dette ut når det gjeld dei innsette sin alder (tabell VI.2)? Eit klart mønster trer fram. Svært få gjev uttrykk for at dei er svake i lesing, skrivning og munnleg, uansett alder. Prosentdelen som seier dei er 'svært gode' i lesing, skrivning og rekning stig med alderen. Når det gjeld 'svært gode' i ikt-bruk, så går prosentdelen ned med stigande alder. Her stig prosentdelen innsette som seier at dei er 'svært svake'. I 2009 sa 17,9 prosent av dei yngste at dei var svake i matematikk

(ikkje vist i tabell her); i 2012 sa 11,3 prosent det. Ikt-bruken var det dei yngste som var mest fortrulege med, der omtrent ein av sju (13,6 prosent) sa at dei var 'svært gode' i 2009; i 2012 gjaldt det meir enn ein av fem i den aldersgruppa (22,3 prosent). Dugleik i munnleg varierer ikkje systematisk med alderen til dei innsette.

Tabell VI.2. Dei innsette sine sjølvvurderingar av dugleik i lesing, skriving, rekning, bruk av ikt og munnleg framstillingsevne. Prosenttal etter aldersgrupper. 2012.

	18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
Lesing				
Svært svake	2,4	2,4	1,4	1,8
Svært gode	31,1	35,1	37,5	43,0
Skriving				
Svært svake	4,2	2,7	2,4	2,7
Svært gode	18,4	25,1	26,8	35,9
Rekning				
Svært svake	11,3	8,6	5,6	1,3
Svært gode	9,4	14,5	18,1	26,0
Ikt				
Svært svake	4,3	3,5	8,7	15,2
Svært gode	22,3	18,3	12,5	14,7
Munnleg				
Svært svake	2,4	2,8	1,4	2,7
Svært gode	32,5	32,4	31,7	38,8

Det er ein del skilnader mellom mannlege og kvinnelege innsette når det gjeld sjølvvurdering av denne kompetansen. Først og fremst er det slik at kvinner i fengsel i større grad enn menn har kryssa av for at dei er 'svært gode' i lesing og skriving (48,6 mot 34,0 prosent i lesing; 44,4 mot 24,2 prosent i skriving). I rekning var dette klart omvendt i 2009, men ikkje like klart i 2012, då 9,7 prosent av kvinnene sa at dei var 'svært svake' mot 6,4 prosent av mennene. I den andre enden av skalaen sa 18,1 prosent av kvinnene at dei var 'svært gode' i rekning, omtrent likt med mannleg innsette (16,1 prosent). Prosentdelen kvinner (27,8 prosent) som sa at dei var 'svake' i rekning var derimot klart større enn hos menn (16,7 prosent). Når det gjeld sjølvvurdert dugleik i ikt-bruk, var det ingen systematisk skilnad mellom kjønna. Det same gjaldt munnleg dugleik.

VII. Sjølvvurdering av lærevanskar

I tillegg til å vurdere og rapportere om dugleikane sine (kap. VI) vart dei innsette også spurde om å gje ei vurdering av *vanskar* som dei eventuelt har når det gjeld lesing, skrivning og rekning. Dette er i prinsippet ei gjentakning av spørsmål frå undersøkingane i både 2009, 2006 og 2004 og heng også ein del saman med det som vart drøfta i førre kapittel, dugleikar.

I 2004 var det omtrent to av tre (68,4 prosent) som rapporterte om ingen vanskar i lesing eller skrivning; 61,7 prosent rapporterte at dei ikkje hadde noko vanskar i matematikk (omgrepet som vart brukt då). Tilsvarande var det noko færre i 2006-undersøkinga (62,8 prosent) som rapporterte om ingen vanskar i lesing eller skrivning, og ein god del færre som rapporterte om ingen vanskar i matematikk (52 prosent). I 2009-undersøkinga endra dette seg mykje når det gjaldt matematikk, der berre 28,5 prosent sa at dei ikkje hadde noko vanskar. Tilsvarande tal for innsette utan vanskar i lesing og skrivning var 61,0 prosent og 50,8 prosent. Korleis dette såg ut i 2012 finn ein i tabell VII.1.

Tabell VII.1. Dei innsette sin sjølvrapporterte grad av vanskar i lesing, skrivning og rekning, 2012. Prosenttal.

	Lesing	Skriving	Rekning
Ingen	60,4	51,6	35,4
Ja, men berre litt	19,6	25,6	26,5
Ja, i noko grad	15,4	16,4	24,4
Ja, i svært stor grad	4,6	6,4	13,8
N=100 %	1236	1233	1227

Prosentdelen som sa at dei ikkje har vanskar i rekning steig litt att i 2012, til 35,4 prosent. Når det gjeld lesing og skrivning var prosentdelen utan vanskar i 2009 og 2012 omtrent identisk. Knapt kvar tjuande innsett sa at dei har svært store vanskar i lesing; kvar femtande har det i skrivning og omtrent kvar sjuande sa det om rekning i 2012.

I 2004 vart det avdekt at lese- eller skrivevanskar var mest å finne blant dei yngste. Dette var ein statistisk samanheng som ikkje var like klar i 2006-undersøkinga. I 2009-undersøkinga derimot var den statistiske samanhengen mellom vanskar og alder relativt klar igjen. Det var då konsekvent slik at den største delen innsette som sa at dei *ikkje* hadde vanskar var i den eldste gruppa, dvs. over 44 år (70,1 prosent i lesing; 64,7 prosent i skrivning og 41,9 prosent i matematikk). I 2012 (tabell VII.2) var det meir enn tre av fire i den eldste gruppa (76,8 prosent) som sa dei ikkje har

vanskar i lesing: meir enn to av tre (68,6 prosent) som ikkje har det i skriving og godt over halvparten (57,0 prosent) som ikkje har det i rekning. Prosentdelen utan vanskar var jamt over fallande med alder i 2012, som han var i tidlegare undersøkingar.

Tabell VII.2. Prosent innsette med lese-, skrive- eller reknevanskar etter alderskategori. 2012.

	18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
Grad av vanskar i lesing				
Ingen	55,0	55,7	62,1	76,8
Ja, men berre litt	25,6	22,5	19,3	9,8
Ja, i noko grad	14,2	17,3	14,4	9,4
Ja, i svært stor grad	5,2	4,5	4,2	4,0
Grad av vanskar i skriving				
Ingen	45,0	46,0	52,6	68,6
Ja, men berre litt	28,9	29,3	26,0	14,8
Ja, i noko grad	19,0	17,8	14,4	10,8
Ja, i svært stor grad	7,1	7,0	7,0	5,8
Grad av vanskar i rekning				
Ingen	20,5	32,5	34,3	57,0
Ja, men berre litt	30,0	28,7	30,0	18,4
Ja, i noko grad	27,1	24,1	22,3	17,9
Ja, i svært stor grad	22,4	14,7	13,4	6,7

Menn og kvinner i fengsel var litt ulike når det gjaldt lese- eller skrivevanskar i 2006, men skilnadene var den gongen noko mindre enn i 2004. I 2009 fann vi igjen skilnader når det gjaldt prosentdelen kvinner og menn som sa at dei ikkje hadde vanskar i lesing og skriving, og underforstått skilnad i kor stor del som då sa at dei hadde det. I 2009 var det sju av ti (70,6 prosent) kvinnelege innsette som sa at dei ikkje hadde vanskar i lesing, mot 60,2 prosent av mennene; 64,4 prosent av kvinner i fengsel i 2009 sa at dei ikkje hadde vanskar i skriving, mot 49,7 prosent av dei mennene den gongen. Når det gjaldt vanskar i matematikk, var det omvendt i 2009. Knappt kvar femte kvinne i fengsel (18,8 prosent) sa at ho ikkje hadde vanskar i matematikk, mot knappe kvar tredje mannleg innsett (29,3 prosent).

Tal frå 2012-undersøkinga var påfallande like når det gjeld grad av vanskar i lesing og skriving. Blant mennene var det 59,7 prosent som rapporterte om ingen vanskar i skriving (72,2 prosent av kvinnene); 50,7 prosent menn rapporterte om ingen vanskar i skriving (65 prosent av kvinnene). I rekning endra tala seg noko i 2012 samanlikna med 2009 der prosentdelen som rapporterte om ingen vanskar var den same i 2012 (kvinner 36,1 prosent; menn 35,3 prosent).

VIII. Oppsummering og drøfting

I den norske strafferetten er prinsippet om medborgaren sin rett til å bli inkludert viktig. Utgangspunktet for norsk straffegjennomføringsrett er at fengselsstraffa i minst mogleg grad skal innskrenke dei rettane som folk elles i samfunnet har (Gröning, 2013). Både i opplæringslova og straffegjennomføringslova blir det slått fast at innsette har lik rett til utdanning som andre i landet. Grunnprinsippa for gjennomføring av fengselsstraff har også folkerettsleg forankring. Noreg har slutta seg til ei rekkje konvensjonar og rekommendasjonar med reglar som på ulike måtar styrer innhaldet i straffegjennomføringa, og straffegjennomføringslova slår fast at innsette har lik rett til utdanning som folk elles i Noreg.

Undersøkinga som vart gjennomført i 2012 viser at over halvdel av dei innsette deltek i opplæring innanfor kriminalomsorga under soning, og opplæringa er såleis ein viktig del av norsk vaksenopplæring. Dette er eit høgare tal enn det vi fann i tilsvarende undersøkingar frå 2006 og 2009. Likevel er det slik at ein høg prosentdel av dei innsette som har rett til utdanning ikkje held på med det. Eit estimat, basert på heile populasjonen innsette med norsk statsborgarskap på undersøkingstidspunktet (2 439), viser såleis at 607 innsette hadde rett til vidaregåande opplæring i fengslet, men heldt ikkje på med det. I tillegg var det 163 personar som ikkje hadde fullført grunnopplæringa, og som dermed kan få rett til vidaregåande opplæring når den er fullført. Det kan vere svært mange grunnar til at desse innsette ikkje tek utdanning, til dømes at dei ikkje vil utdanne seg meir eller at det er forhold ved fengsling og soningstid som gjer at dei ikkje kjem i gang med utdanning. I rapporten «Motiv for utdanning» (Manger mfl., 2013) undersøker vi nærare dei innsette sine grunnar for å ta utdanning og grunnar for ikkje å utdanna seg under soning. Svarprosenten i 2012 var noko lågare enn kva som har vore tilfelle i tidlegare tilsvarende undersøkingar, utan at vi kjenner den eigentlege grunnen til det. Vi kan såleis ikkje sjå bort frå at fråfall av respondentar kan ha påverka resultatane i rapporten.

Utdannings- og arbeidsrøynsle

Prosentdelen innsette som ikkje har fullført noko form for utdanning eller opplæring har gått litt ned sidan 2009. Den største endringa er at ein klart større del innsette no opplyser at dei har fullført treårig vidaregåande opplæring.

I undersøkinga samanlikna vi dei innsette si utdanning med kva som er tilsvarende utdanningsnivå hos det norske folket. Vi brukte då Statistisk sentralbyrå (SSB) sine tal som samanlikningsgrunnlag og byrået sin definisjon av kva som reknast som grunnopplæring, vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Forståeleg nok har innsette klart lågare utdanningsnivå enn det norske folket. Sidan 2009 har likevel utdanningsnivået til dei som sonar blitt høgare. I 2009 hadde såleis 59 prosent av norske innsette grunnopplæring som høgaste fullførte utdanning, medan prosenten var 52 i 2012. Prosentdelen innsette med vidaregåande opplæring hadde i same tidsperioden auka frå 29 prosent til 35 prosent. I det norske folket er det 28 prosent som berre har grunnskule som høgaste fullførte utdanning, medan 42

prosent har vidaregåande opplæring som det høgaste fullførte nivået (SSB, 2013). Prosentdelen som har høgare utdanning som høgaste fullførde utdanning har gått litt opp, frå vel 12 prosent i 2009 til 13 prosent i 2012. I den norske folkesetnaden er det 30 prosent som har høgare utdanning (SSB, 2013). Når ein samanliknar norske innsette i fengsel med folket elles i landet, finn ein ei om lag like stor gruppe med berre grunnopplæringa som høgaste utdanning som det var i Noreg kring 1970. Derimot er gruppa innsette med høgare utdanning prosentvis like stor som gruppa med høgare utdanning i landet var midt på 1980-talet. Sistnemnde samanlikning er likevel ikkje heilt reell. Dei norske innsette har ein gjennomsnittsalder på 36 år, medan den høgare gjennomsnittsalderen i det norske folket gjer at det i sistnemnde gruppe er langt fleire som ikkje har fått ta del i «utdanningseksplosjonen». Hadde ein samanlikna innsette med tilsvarande aldersgruppe i det norske folket vil dei innsette koma langt dårlegare ut, også når det gjeld høgare utdanning.

I 2012 var det litt færre enn i 2009 av norske innsette under 25 år som ikkje hadde fullført noko utdanning. Framleis er talet likevel høgt, kring sju prosent. I aldersgruppa 35 til 44 år var reduksjonen i prosentdelen norske innsette som ikkje har noko form for fullført opplæring, samanlikna med 2009, klarare (frå 8,5 prosent til 5,4). Vi ser også ein nedgang i prosentdelen som har berre grunnopplæring som høgaste fullførte i alle fire aldersgruppene, men mest i den yngste aldersgruppa og gruppa 35 til 44 år. På vidaregåande nivå ser vi fleire skifte i tala. Det er også frå 2009 til 2012 ein stigande tendens med yngre alder til å ha fullført to eller tre år av vidaregåande opplæring. Medan det i 2009 var 89 prosent av dei norske innsette under 25 år som *ikkje* hadde fullført vidaregåande opplæring, gjaldt det noko meir enn tre av fire (77,5 prosent) i 2012. Å ha fullført høgare utdanning er noko som i størst grad gjeld dei eldste, og her er det knapt endringar å spore mellom tidspunkta for dei to undersøkingane. Det er dei eldste i fengsla som har fagskuleutdanning, og det gjeld meir enn kvar tiande i den gruppa.

Motsett det som kanskje er folk flest sine førestellingar om innsette, viser altså gruppa som sonar stor variasjon i læreevne og utdanningshistorie. Denne variasjonen i utdanningsbakgrunn er i tråd med den forskingsbaserte kunnskapen om dei to «stiane» til utvikling av antisosial åtferd og kriminalitet. Her skil ein mellom «tidlegstartarar» (start med alvorlege åtferdsproblem i barndom), som held fram med kriminalitet gjennom ungdom og vaksen alder, og «seinstartarar», som først startar med antisosial åtferd og lovbrøt i ungdomsåra (t.d. Moffitt mfl., 2002; Patterson, Forgatch, Yoerger og Stolmiller, 1998). I den sistnemnde gruppa sluttar dei fleste etter kvart med kriminalitet, men dei siste tiåra har ein også sett at ein aukande del «seinstartarar» i vestlege land blir dømde for brotsverk. Blant dei som startar allereie i barneåra finn ein svært mange som i utdanningssamanheng gjerne er dei tradisjonelle ikkje-deltakarane, medan det blant dei som startar seint er mange med gjennomført skule- og utdanning på etter måten høgt nivå (Moffitt mfl., 2002). Det vil altså vere slik, med tanke på framtidig utdanning, at innsette i fengsel har svært ulike behov. Dette inneber at opplæringa best mogleg må tilpassast variasjonen i den potensielle elevflokk.

Det er også ein svak nedgang i prosent norske innsette som ikkje har hatt arbeid, frå ni prosent i 2009 til sju prosent i 2012. I begge desse åra var det ufaglært arbeid som var det vanlege, og her har det ikkje skjedd endring. Prosentdelen med arbeid som krev høgare utdanning steig frå åtte prosent i 2009 til elleve prosent i 2012. Det er forståeleg nok klart fleire i eldste enn i yngste aldersgrupper som seier at dei har hatt arbeid, og prosentdelen med ufaglært arbeid er større i den yngste aldersgruppa.

Utdanningsaktivitet i fengsel

Samanlikna med undersøkinga i 2009 (Eikeland mfl., 2010) er det no fleire nordmenn som held på med utdanning i fengsel (54 prosent mot før berre 41 prosent). Auken er særleg stor på nivået vidaregåande opplæring. Blant desse kan det vere ein god del som tek opp att enkeltfag eller delar av utdanningane sine. Dette kan vere fordi dei har stroke i noko eller dei vil forbetre seg. Det finst også, som før nemnt i rapporten, innsette som ikkje har fullført grunnopplæringa, men tek vidaregåande opplæring. Dette kan mellom anna vere personar i godt vaksen alder som går på innføringskurs for å oppdatere seg slik at dei kan ta til på vidaregåande opplæring. Når dei fyller ut spørreskjema, kryssar dei av for at dei går på vidaregåande nivå.

Nesten sytti prosent av dei innsette som har einskildfag frå universitet eller høgskule held på med utdanning i fengsel. Ein aukande del av dei som sonar har studiekompetanse, og reformer innanfor høgare utdanning har gjort det vanskelegare å studere utan frammøte på studiestaden. Det er ikkje skulestyresmaktene sitt ansvar å gje opplæring på universitets- eller høgskulenivå. Mange skular prøver likevel å organisere rettleiing for innsette som ønskjer å ta slik utdanning. Dette er ei gruppe innsette som har store behov for tilrettelagte studieforhold, fordi dei har utsikter til å ta fleire emne i ein grad eller til dømes bygge på ein bachelorgrad til mastergrad.

I 2009 fann vi at dess lengre dom ein har, dess fleire tek utdanning i fengsel (Eikeland mfl., 2010). Mange av dei unge innsette har korte dommar, og det er eit uheldig paradoks at korte dommar blir eit hinder for å ta utdanning under soning. I 2009 skreiv vi at det kan sjå ut som om dei innsette då ikkje finn det bryet verd å starte på ei utdanning, samstundes som opplæringa innanfor kriminalomsorga ikkje legg nok til rette for at innsette med korte dommar skal få slikt tilbod. Nettopp denne aldersgruppa treng kontinuitet i opplæringa, for å hindra ytterlegare avbrot i utdanning og dermed nederlag på arbeidsmarknaden. Særleg er det tilfelle visst det nettopp er avbroten utdanning som har skapt grunnlaget for kriminalitet. Ein kort dom indikerer også at lovbrottet ikkje er av dei mest alvorlege, og det er difor urovekkjande at ein slik dom nettopp kan vere det som fører til avbroten utdanning og dermed auka risiko for meir kriminalitet. Det er dei med heilt kort soningstid som sjeldnast tek utdanning i fengsel.

Medan vi i 2009-undersøkinga definerte «lang dom» som over fem år, spurde vi i 2012 meir detaljert om kor lang soningstida var, med «12 år eller meir» som lengste domskategori. Vi spurde også om kor lenge dei hadde igjen å sone (sjå vedlagt spørjeskjema). Denne måten å stille spørsmål på viser enda klarare enn før at det både er ein samanheng mellom soningstid og deltaking i utdanning, men også ein samanheng mellom kor lang dei har kome i soningsløpet og deltaking i utdanning. Tendensen til å ta utdanning stig fram mot ei soningstid på kring fire til fem år (over 80 prosent med så lang soning utdannar seg), deretter blir prosenten halvert for dei som sonar sju til åtte år, før prosenten igjen stig til kring 80 for dei som sonar meir enn tolv år. I kapittel IV har vi gitt ei nærare forklaring på denne tendensen. I gruppa med soningstid kring sju-åtte år var det i utvalet vårt mange som har fullført utdanning (særleg på universitet og høgskule), og som kanskje difor ikkje kjenner at dei treng meir utdanning.

Ein annan tendens er også heilt klar: Det er i starten av soningstida (under ein tredel sona) ein i minst grad deltek i opplæring innanfor kriminalomsorga. Den same tendensen, men noko svakare, ser ein i slutten av soningstida (under ein tredel att å sone). Både start og slutt på soning inneber meir uro enn elles i soningsløpet. I starten skal ein venje seg til nye forhold (i alle fall dei som ikkje er vande med å sone) og ein har gjerne ekstra vonde tankar å stri med etter lovbrøt og innesperring. På slutten av soninga står ein overfor ein endra livssituasjon, gjerne prega av både håp, uro og tvil om kva framtida vil føre med seg. I begge desse sorten overgangsfasar kan utdanning i fengsel bli nedprioritert.

Medan det i 2009 var dei yngste og dei eldste som i minst grad tok del i opplæring innanfor kriminalomsorga, ser vi no ei klar endring: Det er innsette i dei to yngste aldersgruppene som oftast tek utdanning i fengsel. Seksti prosent av norske innsette i aldersgruppa 25 til 34 år deltek (mot 45 prosent i 2009), medan 59 prosent av dei under 25 år utdannar seg i fengsel (mot 38 prosent i 2009). For begge grupper er det tredje året (eller meir) i vidaregåande opplæring som representerer den klaraste auken. Dette er ei svært gledeleg utvikling.

Utdanningsønske

Over åtti prosent av dei innsette ønskjer å ta utdanning i fengsel. I 2009 var tilsvarande tal for norske innsette 67 prosent. Det er interessant å sjå at det er ein markert reduksjon frå 2009 til 2012 i prosentdelen i dei yngste aldersgruppene som *ikkje* ønskjer utdanning. Berre 12 prosent av dei i aldersgruppa 25 til 34 år ønskjer ikkje utdanning (mot 30 prosent i 2009). Blant dei heilt yngste (under 25 år) er prosentdelen som ikkje ønskjer seg utdanning redusert frå 34 til 17. Det er ein særleg stor auke i ønske om å ta det tredje året (eller meir) i vidaregåande opplæring.

Også utdanningsønske har ein klar samanheng med soningslengda: Det er dei med lengst dom som i størst grad ønskjer seg utdanning i fengsel. I denne gruppa finn ein også dei som klart oftast ønskjer universitets- eller høgskuleutdanning. Her

skal ein likevel merke seg at blant dei med kortast dom er det berre ein av tre som ikkje ønskjer seg utdanning, medan det i 2009 var meir enn halvparten som sa dei ikkje hadde slikt ønske i tilsvarande aldersgruppe. Det er tre år med vidaregåande opplæring som står høgast på ønskelista blant dei med kortast dom.

Bak den høge prosenten innsette som ønskjer å ta utdanning ligg nok varierte grunnar. Mange ønskjer å fullføre utdanning dei har starta på, og særleg peikar fullført vidaregåande opplæring seg som nemnd ovanfor ut. Tre av fire menn og meir enn ei av to kvinner ønskjer yrkesfagleg vidaregåande opplæring. Ein god del innsette som allereie har fullført utdanning på eitt nivå, ønskjer nok å ta slik opplæring om att. Grunnen kan vere at dei ønskjer å forbetre resultatane, eller at dei, særleg for vidaregåande yrkesfagleg opplæring, ønskjer ei utviding av den utdanninga dei har. Mange av dei innsette som har einskildfag på universitet eller høgskule ønskjer å ta meir slik utdanning. Dette er forståeleg, fordi dei dermed kan samle fag til ein grad. Det er også omlag like stor prosentdel som allereie har ein grad som ønskjer meir av slik utdanning. Forklaringa kan vere at dei ønskjer å utvide frå lågare til høgare grad, eller at dei finn at den beste måten å utnytte soningstida på er å sikte mot enno eit fag eller ein grad. I ein annan rapport (Manger mfl., 2013) analyserer vi, som omtalt før, meir grundig dei innsette sine grunnar for å ta utdanning og kva som er grunnar til at kring halvdel av dei ikkje deltek i utdanning.

Elevane si vurdering av opplæringa

Undersøkingane i både 2009 og 2012 viser at det er eit mindretal innsette som er misnøgde med undervisninga/opplæringa dei får. I begge undersøkingsåra er det ein viss tendens til at dei som heldt på med vidaregåande opplæring er mest nøgde. Dei som heldt på med grunnopplæring i 2012 var minst nøgde. Dinest kom dei som var i gang med høgare utdanning, sjølv om det no er færre enn i 2009 som er direkte misnøgde. Omtrent førti prosent av dei som heldt på med vidaregåande opplæring sa seg samde i at opplæringa er tilpassa dei, og tala er nokså like i 2009 og 2012. Resultata viser derimot klare indikasjonar på at dette i langt mindre grad er tilfelle for dei som tek grunnskuleopplæring og høgare utdanning. Trass ein del endringar står likevel resultatane fram som relativt stabile når vi ser dei to undersøkingsåra opp mot einannan. Dei meir negative resultatane for innsette med grunnskuleopplæring reflekterer gjerne at denne opplæringa gjeld få elevar og såleis er mindre prioritert i fengslet. Det er, som nemnt før, ikkje skulestyresmaktene i fengsla sitt ansvar å gje opplæring på universitets- eller høgskulenivå sjølv om mange skular altså organiserer rettleiing for dei som ønskjer å ta slik utdanning. Såleis kan ein velje å tolke det positivt at ein femdel av dei som tek høgare utdanning er heilt samde i at opplæringa er tilpassa dei. På den andre sida viser også svara at denne gruppa studentar står overfor store utfordringar, i og med at utdanningsinstitusjonane deira berre i avgrensa grad (og noko tilfeldig) har samarbeid med kriminalomsorga og opplæring innanfor kriminalomsorga.

Samla sett er dei innsette som tek utdanning i fengsel langt meir nøgde enn misnøgde med lærarane sine krav til dei og hans eller hennar si omsorg for dei. Dette indikerer at mange lærarar i fengsel står fram som *autoritative*. Generelt viser undersøkingar frå skuleverket (t.d. Dever og Karabenick, 2011; Wentzel, 2002) at lærarar som er autoritative, det vil seie at dei både viser omsorg for elevane og stiller krav til dei, aukar indre motivasjon, trivnad og læring, både hos skulefagleg sterke og svake elevar. Læraren som har en slik stil klarer å kombinere det å vise omsorg for elevane med det å stille krav, synleggjort gjennom klare reglar og høge, men realistiske forventningar (tatt omsyn til elevane sitt tidlegare skulefaglege nivå). Elevane omtalar ofte desse lærarane som «strenge, men rettferdige». Dette handlar om å oppretthalde arbeidsro i undervisninga og at læraren yter bidrag til god arbeidsinnsats og godt læringsmiljø. God klasseleiing inneber blant anna at læraren set konkrete læringsmål, stiller krav og uttrykkjer forventningar om både arbeidsinnsats og læringsutbytte. Ein dyktig klasseleiar oppmuntrar elevane og vel oppgåver og aktivitetar som passar med elevane sitt nivå (Hattie, 2009).

Gjennom samtalar med innsette har vi tidlegare fått ein del indikatorar på at planlagt undervisning av ulike grunnar ikkje har blitt gjennomført. Difor stilte vi spørsmål om dette. Svara viser at dette ikkje er eit problem blant fleirtalet av elevane i fengsel, men det førekjem. For elevar som gjerne har hatt eit vanskeleg forhold til tidlegare skule og utdanning, er det svært viktig med fast struktur rundt opplæringa, slik som at lærarar møter presis til timane, at aktuelt utstyr fungerer, og at det som er planlagt blir gjennomført. Nær halvdelen av dei innsette som tek utdanning opplyser at dei får den rådgivinga dei treng, men også her er det ei mindre gruppe som seier seg heilt usamd i at så er tilfelle. I påstanden om bruk av ikt i opplæringa uttrykkjer dei innsette seg i størst grad 'heilt usamd' i påstanden om at ikt blir brukt aktivt i opplæringa (sjølv om ei enda større gruppe er 'heilt samde').

Eitt generelt mønster går att i svara på dei utsegnene som gjeld vurdering av undervisninga. Utan unnatak er prosentdelen som er misnøgde størst blant dei som tar grunnopplæring og deretter kjem dei som heldt på med universitets- og høgskuleutdanning. Som omtalt i innleiinga til denne rapporten samsvarer elevane si etter måten positive vurdering av opplæringa med funn i tidlegare nordiske undersøkingar (Claesson & Dahlgren, 2002; Eikeland mfl., 2008; Lindberg, 2005) og med undersøkingar i USA (Gee, 2006; Moeller, Day & Rivera, 2004). Både denne undersøkinga og den tidlegare undersøkinga i alle nordiske land (Eikeland mfl., 2008) viser likevel at det er fleire forhold som skapar vanskar for den utdanninga mange er i gang med.

I den nordiske undersøkinga (Eikeland mfl., 2008) viste eitt problem seg klart: Elevane meiner i stor grad at mangel på ikt-utstyr er noko som skapar vanskar for dei når dei skal ta utdanning. Resultata frå den norske delen av denne undersøkinga viser at dei som har lærlingkontrakt og dei som tek gradutdanning ved universitet eller høgskule er signifikant mindre nøgde med tilgangen på datautstyr enn dei andre innsette. I undersøkinga frå 2012, som denne rapporten viser til, er spørsmålet om ikt stilt på ein annan måte. Svara viser at nær 40 prosent av dei som tek grunnopplæring og kring ein tredel av dei som tek dei to første åra av vidaregåande opplæring

opplever at ikt ikkje blir brukt aktiv i opplæringa. Hovudtyngda av opplæringa i fengsel er på vidaregåande nivå, og her bør ikt brukast aktivt. Kriminalomsorga har utvikla eit spesialtilpassa «Internett for Innsette» (IFI) i norske fengsel. Dette skal sikre at dei innsette får tilgang til læringsportalar og informasjon til bruk i skule- og studiesamanheng. Føremålet med IFI er at innsette som er under opplæring skal kunne bruke nettet på ein måte som tek omsyn til tryggleiken i fengslet. Det er fengselsleiar som avgjer om innsette skal få tilgang til å nytte IFI eller ikkje. Dersom slikt løyve blir gitt, må den innsette inngå avtale med fengslet og skulen om at han/ho ikkje skal misbruke tilgangen og berre bruke nettet til opplæring (Suzanne Five i Kriminalomsorgsdirektoratet, Bergens Tidende, 5. juli, 2013). Samla sett viser undersøkingar i Noreg dei siste åra at det framleis står att ein del utfordringar som må løysast før det både er god tilgang til ikt i opplæring innanfor kriminalomsorga og før elevane har ei klar kjensle av at teknologien blir brukt aktivt.

Sjølvvurdering av kompetanse og lærevanskar

Både i 2009 og 2012 vurderte to av tre innsette dugleiken sin i lesing som 'svært god' eller 'god'. Ein litt mindre del av kryssa av for at dei er 'svært gode' eller 'gode' i skriving, medan under halvdelan brukar desse svaralternativa om seg sjølve i rekning. Den prosentdelen som vurderer seg som 'svært gode' i lesing, skriving og rekning stig med alderen. Motsett er tilfelle med vurdering av ikt-kompetanse: Der blir det færre 'svært gode'-vurderingar med alderen. På dette området ser ein også at det er fleire innsette i 2012 enn i 2009 som vurderer seg som 'svært gode'. Denne utviklinga er i tråd med at fleire og fleire i samfunnet tileignar seg ikt-kompetanse, og dette gjeld særleg yngre aldersgrupper.

I undersøkinga svara 40 prosent av dei innsette at dei har større eller mindre vanskar med lesing. Nær halvdelan (48 prosent) sa at dei har vanskar med skriving og nær to av tre (65 prosent) at dei har vanskar med rekning. Trass i høge tal, veit vi frå tidlegare funn (Asbjørnsen mfl., 2007; Asbjørnsen mfl., 2007) at det blant innsette er klar underrapportering av vanskar i lesing, og at vaksne generelt vurderer dugleiken sin høgre enn det er grunnlag for (Gabrielsen, 2002, 2005). Undersøkingar frå fleire land viser at hovudtyngda av lesevanskane blant innsette ikkje kjem av ein spesifikk lærevanske (Samuelsson mfl., 2000; 2003), men manglande opplæring og erfaring med lesing (for ein diskusjon kring erfaringsbaserte vanskar, sjå t. d. Hugo, 2013; Jones, 2012). Dette kan knytast til stort fråvær, lite kontinuitet i opplæringa og manglande mestringsopplevingar i skulen (Friestad og Skog-Hansen, 2004).

Dei innsette vurderer altså dugleiken sin i rekning (matematikk) som svakare enn i lesing og skriving, og skrivedugleiken som ikkje så god som lese-dugleiken. Vidare, og i tråd med dette, rapporterer også langt fleire at dei har

større vanskar med rekning (matematikk) enn med lesing, og vanskar med å skrive blir vurdert til å vere ein stad mellom dei vanskane dei opplever i rekning og lesing. Dette kan ha samband med at dei fleste innsette som deltok i undersøkinga opplever å ha «knekt lesekode» og er i stand til å lese enklare tekstar tilsvarende nivå ein og to i PISA-undersøkingane. Lesedugleiken er likevel ikkje god nok til å hente inn informasjon og kunnskap. Dette heng òg saman med lite medvit om eiga tilkorting i lesing og skriving, og fell inn under det ein kan kalle «selektiv eksponering» og «selektiv tilbakemelding», som vi omtaler i kapittel I. Vanskane med rettskriving er meir openberre enn dei med lesing, og dei blir synlege kvar gong ein ikkje er sikker på korleis eit ord skal skrivast. Det kan vere at ein ser at eit ord er feil samanlikna med korleis ein har sett det tidlegare, men klarer ikkje heilt å finne det rette «biletet». I doktoravhandlinga si undersøkte Jones (2012) forholdet mellom innsette sine sjølvrapporterte lese- og skrivevanskar og deira faktiske lese- og skrive-dugleik. Resultata viste at dei innsette rapporterer mindre vanskar enn prestasjonane deira på lese- og skrivetestane tilseier.

Svak matematikkdugleik er vanskelegare å halde løynd for ein sjølv enn svak dugleik i lesing og skriving, men det er truleg mindre sosialt belastande å ikkje kunne rekne med brøk eller prosent, i tillegg til at ein meir sjeldan er i situasjonar der det er naudsynt. Dette kan føre med seg at det er lettare å fortelje at ein har vanskar med matematikk. Framleis er skulen også mindre opptatt av diagnostisering av matematikkvanskar enn lesevanskar. Ein kan likevel sjå at slike vanskar har samband med mangelfull tidlegare utdanning, og i mange tilfelle urealiserte rettar til opplæring.

Praktiske følgjer

Opplæring innanfor kriminalomsorga har lukkast med å få fleire til å ta utdanning, og særleg har det vore auke i tal unge innsette under utdanning og opplæring. Denne tendensen ser vi klart gjennom dei undersøkingane vi har gjort i alle norske fengsel i 2004, 2006, 2009 og 2012. Det er likevel framleis eit misforhold mellom talet på innsette som ønskjer å ta utdanning og talet på dei som gjer det. Undersøkinga viser at det bør gjerast endå meir for å leggje til rette for utdanning i starten av soningstida, uansett om soningstida skal vere kort eller lang. Likeeins må ein unngå at dei som skal lauslatast fell frå utdanning dei ikkje har fullført. Framleis er det for mange som har rett til opplæring, men som ikkje får det.

Det er gledelege at langt fleire unge i fengsel no tek utdanning enn berre for nokre år sidan. Kriminalomsorga og opplæring innanfor kriminalomsorga må bruke denne framgangen til å få endå fleire av dei unge i gang med utdanning. Mange unge har korte dommar, og det er eit uheldig paradoks at korte dommar blir eit hinder for å ta utdanning under soning. Innsette med kort soningstid må

vurderast ekstra nøye med tanke på realkompetanse. Det må leggast til rette med korte, arbeidskvalifiserande kurs som gir kompetanse og det må utformast planar som motiverer til vidare utdanning og opplæring, under og etter avslutta soning. Det er denne gruppa unge som kanskje mest av alle innsette treng å tileigne seg grunnleggjande dugleik i lesing, skriving og rekning, fordi dei i lang tid framover skal klare seg i eit kunnskapsbasert samfunn.

Vi oppmodar også til meir samarbeid mellom arbeidsdrift og skule. Elevane kan ha teori på skulen medan dei kan ha praksis i verkstader som er godkjende som lærebedrift. På denne måten kan ein gjennom betre samarbeid tilby fleire yrkesretta opplæringsprogram. Det er ein god del verkstader i fengsla som er godkjende som lærebedrifter og då er det viktig å utvikle samarbeidet mellom arbeidsdrifta og skulen når det gjeld yrkesopplæringa.

Det at ein aukande del av dei innsette har studiekompetanse krev at det vert lagt til rette for å ta universitets- og høgskulefag under soning. I den nordiske kartlegginga av fengselsundervisninga (Nordisk ministerråd, 2003) er det i dei fellesnordiske tilrådingar lagt vekt på at tilgangen til høgare utdanning må betrast. Det blir gjort framlegg om å både betre tilgangen til studium under permisjon og til sjølvstudium med rettleiing i fengsel. I rapporten vert det også peika på at gode og tryggingstilpassa internettløyningar kan innebere at fleire vil få tilgang til eit breitt tilbod av universitets- og høgskuleutdanning. Ny teknologi er naudsynt som reiskap for å nå ulike utdanningstilbod utanfor fengslet, heiter det. Desse tilrådingane frå den no ti år gamle rapporten står framleis ved lag, og vart ytterlegare understreka i den felles nordiske rapporten om utdanning, utdanningsønske og motivasjon for utdanning (Eikeland mfl., 2008). Undersøkinga vår frå 2012 viser at det er behov for tettare samarbeid mellom opplæring innanfor kriminalomsorga og universitet- og høgskular, slik at innsette med studiekompetanse eller dei som allereie er i gang med å studere kan få halda fram med å ta utdanning. Det er viktig at krava til frammøte og oppfølging av studentane ikkje blir eit hinder for innsette som vil studere og gå opp til eksamen, men at det blir arbeidd med å lage særskilde studieløyningar for desse studentane.

Kriminalomsorga og opplæringa innanfor kriminalomsorga må ta på alvor at innsette med lærevanskar deltek i utdanning medan dei sonar. Nedsett lesedugleik kan komme av ulike forhold, der ein av grunnane er spesifikke lærevanskar eller dysleksi. Om det er mistanke om dysleksi må ein gjere grundigare undersøkingar av evner og føresetnader for å utvikla lesedugleiken, og det trengst særskilte opplæringstiltak som byggjer på det som er sterke dugleiksområde og oppøving av dugleik som er svakt utvikla. Forsking viser likevel at lesevanskar blant innsette i stor grad kjem av mangelfull leselæring eller mangelfull oppøving av lesedugleik (Hugo, 2013). Dersom nedsett lesedugleik kan bli forstått slik, og dei grunnleggjande lesetekniske forholda er etablert, vil stimulering til meir lesing og bruk av meir avanserte tekstar kunne betre lesedugleiken. Dette kan til dømes skje

gjennom aktiv bruk av bibliotekressursar, lesesirklar eller bruk av ulike former for litteratur i skularbeidet.

Mange elevar er lite motiverte for fag som matematikk. Kyriacou og Goulding (2005) har systematisk gjennomgått forskingslitteraturen om strategiar som kan auke motivasjonen for matematikk hos svake elevar. Motivasjonen aukar når elevane får ein positiv identitet av seg sjølve som «matematikarar». Dette kan primært oppnåast gjennom undervisningsaktivitetar som gjer faget endå meir lystbetont, og med ikt-baserte metodar. Ein slik vinst forutset at lærarane har god forståing av kvifor og korleis ikt-baserte metodar og andre nye metodar kan vere effektive, samstundes som dei kan omsetje denne forståinga til praktiske metodar.

Retten til utdanning er nedfelt i straffegjennomføringslova, opplæringslova og internasjonale konvensjonar og tilrådingar. Undersøkinga i 2012 viser at trass i at utdanningsaktiviteten har auka i norske fengsel er det framleis kring 800 norske innsette som ikkje tek utdanning, sjølv om dei har rett til det eller kan få rett til det ved å fullføra grunnutdanning. Dette talet må kriminalomsorga og opplæringa i kriminalomsorga gjere sitt beste for å redusere.

Appendiks

Spørjeskjemaet som rapporten byggjer på.

Dei delane i spørjeskjemaet som denne rapporten ikkje omhandlar, blir tatt opp i rapportar som kjem seinare.

Til deg som får dette spørreskjemaet

Dette spørreskjemaet handler om jobberfaring, utdanning og ferdigheter. Det blir også stilt spørsmål om din bakgrunn og forhold som kan virke inn på læring og valg av utdanning.

Skjemaet går bare til innsatte over 18 år som er norske statsborgere, men skal besvares både av de som holder på med opplæring i fengslet og de som ikke gjør det. Undersøkelsen er i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Denne avdelingen har nasjonalt ansvar for opplæringen innen kriminalomsorgen - etter oppdrag fra Kunnskapsdepartementet. Universitetet i Bergen er ansvarlig for gjennomføringen av selve undersøkelsen.

Personer som sitter i fengsel har samme rett til opplæring som alle andre i samfunnet. Opplæringen i fengsel skal bygge på best mulig kunnskap. Forskning om dette er derfor nødvendig, ikke minst for at innsatte skal få den opplæringen som de trenger og har rett på.

Det er frivillig å svare på skjemaet og du kan når som helst og uten å oppgi grunn trekke deg fra undersøkelsen. Dette får ikke konsekvenser for dine soningsforhold. Vi håper likevel at du vil være med. Høy svarprosent er viktig for at innsatte skal få sine rettigheter til utdanning ivaretatt og for at planleggingen av utdanning under og etter soning skal bli god.

Ansatte kan hjelpe deg med utfyllingen av skjemaet hvis du ønsker det.

Undersøkelsen er forskriftsmessig meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS. Du skal ikke skrive navnet ditt på skjemaet. Et nummer for fengslet du er i påføres en konvolutt med alle svarene fra ditt fengsel. Dette gjøres for å få kunnskap om opplæringen i det enkelte fengsel. Forskeren som behandler skjemaene har taushetsplikt, og alt behandles konfidensielt. Det skal skrives rapporter og artikler basert på alle svarene. Ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes i det som skrives. Skjemaene blir makulert ved prosjektslutt, 31. desember, 2013.

Du skal svare på de fleste spørsmålene ved å krysse av i den ruten eller de rutene som passer best for deg. På noen spørsmål skriver du svaret på linjen bak spørsmålet.

Takk for god og svært nyttig hjelp!

Vennlig hilsen
Arve Asbjørnsen og Terje Manger
prosjektledere



Utdanning, arbeid og kompetanse hos innsatte 2012

Forskningsgruppen for kognisjon og læring, Universitetet i Bergen



Noen spørsmål om hvem du er:

1. *Kjønn:*

Mann

Kvinne

2. *I hvilket år ble du født? I 19.....*

3. *Hva er ditt fengslingsgrunnlag? (Sett kryss.)*

Dom

Forvaring

Bot

Varetekt, uten dom

Varetekt, har anket dom

Hvis du er i varetekt uten dom, gå da direkte til spørsmål 6.

4. *Hvor lang dom har du nå? (Sett kryss.)*

3 måneder eller kortere

Mer enn 3, til og med 6 måneder

Mer enn 6 måneder, til og med 1 år

Mer enn 1, til og med 2 år

Mer enn 2, til og med 3 år

Mer enn 3, til og med 4 år

Mer enn 4, til og med 5 år

Mer enn 5, til og med 6 år

Mer enn 6, til og med 7 år

Mer enn 7, til og med 8 år

Mer enn 8, til og med 9 år

Mer enn 9, til og med 10 år

Mer enn 10, til og med 11 år

Mer enn 11, til og med 12 år

Mer enn 12 år

5. *Hvor mye av denne dommen har du til nå sonet?*

Jeg har nettopp startet soningen

Kortere enn en tredjedel

Over en tredjedel, kortere enn to tredjedeler

Over to tredjedeler

Jeg er i praksis ferdig med soningen

6. *Har du tidligere vært domfelt?*

Ja

Nei

Utdanning og arbeid

7. *Hva er den høyeste utdanning du har gjennomført? (OBS: Fagbrev og å ha gått i lære inngår i videregående opplæring.) (Sett kryss.)*

Jeg har ikke gjennomført noen utdanning

10-årig grunnskole eller kortere

1 år videregående opplæring

2 år videregående opplæring

Har fullført videregående opplæring

Fagskoleutdanning

Enkeltfag på universitet eller høyskole

Gradsutdanning på universitet eller høyskole

8. *Hva foretrekker du av aktivitet i fengslet under soningen? (Sett ett kryss.)*

Bare jobb

Bare utdanning/opplæring/kurs

Kombinere jobb med utd./opplæring/kurs

9. Deltar du i noen av utdanningene/opplæringene som er ført opp nedenfor nå mens du er i fengsel? (OBS: Fagbrev og å gå i lære inngår i videregående opplæring.) **(Sett kryss.)**

- Nei, jeg deltar ikke i noen utd./opplæring.....
- Grunnskole.....
- Videregående opplæring, Vg 1.....
- Videregående opplæring, Vg 2.....
- Videregående opplæring, Vg 3.....
- Fagskoleutdanning.....
- Utdanning på universitet eller høyskole.....
- Korte kurs.....

10. Hvilken utdanning/opplæring ønsker du å ta nå mens du er i fengsel? (OBS: Fagbrev og å gå i lære inngår i videregående opplæring.) **(Sett kryss.)**

- Jeg ønsker ikke opplæring i fengslet.....
- Grunnskole.....
- Videregående opplæring, Vg 1.....
- Videregående opplæring, Vg 2.....
- Videregående opplæring, Vg 3.....
- Fagskoleutdanning.....
- Universitets- eller høyskoleutdanning.....
- Korte kurs.....

11. Hvis du ønsker videregående opplæring (se spørsmål 10), hvilken type ønsker du?

- Studieforbereende program (allmennfaglig)
- Yrkesfaglig program (medregnet lære/fagbrev)

12. Hva er dine planer eller ønsker etter soning? **(Sett ett kryss.)**

- Jeg har ingen planer eller ønsker.....
- Fortsette i jobben min/yrket mitt.....
- Fortsette utdanningen jeg har påbegynt.....
- Begynne på utdanning/kurs.....
- Skaffe meg jobb.....

13. Hva slags arbeid har du hatt? **(Flere kryss mulig.)**

- Jeg har ikke hatt arbeid
- Ufaglært arbeid
- Fagarbeid
- Arbeid som krever høyere utdanning
- Selvstendig næringsdrivende
- Hjemme som forelder
- Annet (skriv hva)

Hva du synes om opplæringen i fengsel
(Spørsmål 14 gjelder bare deg som holder på med utdanning/opplæring i fengsel.)

14. Hvordan opplever du undervisningen/opplæringen i fengsel?

	Helt enig	Litt enig	Usikker	Litt uenig	Helt uenig
Jeg er fornøyd med opplæringen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Opplæringen er tilpasset meg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
IKT (data) blir aktivt brukt i opplæringen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lærerne stiller krav	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lærerne har tro på meg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lærerne bryr seg om meg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Planlagt undervisning blir alltid gjennomført	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Jeg får den rådgivningen som jeg trenger	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

15. Hvis du ikke holder på med opplæring/utdanning i fengslet, hva er grunnen(e)? (Flere kryss mulig.)

Jeg venter på plass

Opplæringstilbudet som jeg er interessert i finnes ikke her

Jeg har ikke fått nok informasjon om opplæring

Jeg foretrekker å jobbe her

Jeg har nok utdanning/opplæring

Jeg føler meg for gammel

Det er vanskelig å kombinere jobb og skole..

Opplæringsforholdene er for dårlige.....

Jeg er ikke interessert i opplæring i fengslet.

Det er ikke bryet verdt.....

Jeg synes jeg har for store lærevansker.....

Soningslengden passer ikke med utdanning..

Andre forhold (skriv hvilke):
.....

Om ferdigheter

(Sett ett kryss på hver linje i spørsmål 16 og 17.)

16. Hvordan vil du beskrive dine ferdigheter?

	Svært svake	Svake	Middels	Gode	Svært gode
Lesing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skriving	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Regning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Data (IKT)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Muntlig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

17. Opplever du vansker med lesing, skrivning eller regning?

	Ja, i svært stor grad	Ja, i noen grad	Ja, men bare litt	Nei, ikke i det hele tatt
Lesing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skriving	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Regning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

18. Har du noen gang fått diagnosen lese- og skrivevansker/dysleksi?

Ja, som barn

Ja, som voksen

Nei, aldri

19. Har du noen gang fått diagnosen ADHD?

Ja, som barn

Ja, som voksen

Nei, aldri

20. Hadde du eller dine foreldre kontakt med barnevernet under din oppvekst?

Ja

Nei

Lesing, skriving og konsentrasjon

Vi ber deg svare på hvor ofte du gjør eller opplever følgende. (Sett ett kryss for hver linje.)

	Aldri	Sjelden	Noen ganger	Ofte	Svært ofte
1. Hvor ofte må du lese i løpet av dagens gjøremål?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2. Jeg finner det vanskelig å lese ord jeg ikke har sett før	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
3. Jeg finner det vanskelig å lese høyt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
4. Jeg leter etter riktig ord når jeg snakker	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5. Jeg blander sammen eller tar feil av navn på gjenstander	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
6. Jeg tar feil av høyre og venstre	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
7. Jeg har problemer med å legge tidsplaner	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
8. Hvor ofte må du skrive i løpet av dagens gjøremål?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
9. Hvor ofte har du problemer med å avslutte en oppgave etter at de interessante delene er unnagjort?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
10. Hvor ofte er det vanskelig for deg å få orden på ting når du skal utføre en oppgave som krever organisering?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
11. Hvor ofte har du problemer med å huske avtaler eller forpliktelser?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
12. Når du har en oppgave som krever at du tenker nøye igjennom det du skal gjøre, hvor ofte unngår eller utsetter du å begynne på den?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
13. Hvor ofte sitter du og fikler med noe når du må sitte lenge i ro?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
14. Hvor ofte føler du deg overdrevet aktiv og tvunget til å gjøre noe, som om du var drevet av en indre motor?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Grunner til å ta utdanning i fengsel

Nedenfor følger noen grunner for å ta utdanning/opplæring i fengsel. Uansett om du holder på med utdanning i fengslet eller ikke, hvor viktig vurderer du hver av grunnene? (Sett ett kryss på hver linje.)

	Svært viktig	Viktig	Liten betydning	Ingen betydning
For lettere å få jobb etter løslatelsen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å benytte tiden til noe fornuftig og nyttig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å tilfredsstillte lærelyst	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å lette soningen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å bruke skole i fengslet som overgang til skole etter løslatelse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fordi venner går på skole	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å få større tro på seg selv	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fordi det er bedre enn å jobbe i fengsel	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fordi noen oppfordrer til det	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å kunne delta i det sosiale miljøet på en skole	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å få større frihet på dagtid	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For lettere å unngå lovbrudd etter løslatelsen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å ta eksamen/forbedre karakter	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å tilegne seg faglig kunnskap	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
For å mestre tilværelsen etter løslatelse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Om det å mestre skolearbeid, lesing, skriving, regning og data.

Uansett om du holder på med opplæring i fengslet eller ikke ber vi om at du på en skala fra 0 til 10 graderer hvor sikker du er på at du kan gjøre det som er beskrevet i utsagnene under. 0 betyr "Kan ikke i det hele tatt" og 10 betyr "Kan helt sikkert", slik dette er vist i linjen nedenfor her. Tallet som beskriver hvor sikker du er, skal du skrive på den stiplede linjen bak hvert utsagn.

Kan ikke i det hele tatt

Kan halvveis

Kan helt sikkert

0.....1.....2.....3.....4.....5.....6.....7.....8.....9.....10

1. Lese brev fra en bekjent	23. Få fram det viktige i skriftlig arbeid
2. Lese lærebøker	24. Løse oppgaver der du må legge sammen eller trekke fra
3. Lese aviser	25. Løse oppgaver der du må gange eller dele
4. Lese romaner	26. Regne med prosent
5. Konsentrere meg om skolearbeid i et klasserom	27. Regne med brøk
6. Ta notater i en skoletime	28. Løse ligninger
7. Bruke bibliotek til å finne det jeg trenger i skolearbeid	29. Regne ut rentekostnader ved lån
8. Legge ukeplaner for skolearbeid	30. Sette opp budsjett og føre regnskap
9. Huske innhold i lærebøker og skoletimer	31. Framstille måleresultater i et diagram
10. Ta meg sammen slik at jeg får gjort skolearbeid	32. Regne ut volumet av en terning
11. Forstå betydningen av alle ordene i en bok	33. Bruke tastaturet på en datamaskin
12. Forstå betydningen av flertallsendelser, forstavelser og endestavelser	34. Bruke søkemotor (f.eks. Google) for å søke etter opplysninger
13. Lese høyt korrekt	35. Sende og motta e-post (e-mail)
14. Forstå hovedinnholdet i en historie	36. Sende bilde (eller andre dokument) som vedlegg i en e-post
15. Fullføre skolearbeid til tidsfrister	37. Bruke chatte-program (nettprat)
16. Skrive ned reglene til et spill	38. Bruke regneark på datamaskin
17. Skrive brev til en bekjent	39. Bruke minnepinne eller cd i en datamaskin
18. Skrive et sammendrag av en bok som du har lest	40. Laste ned og installere program på en datamaskin
19. Skrive en historie om noe som du har opplevd		
20. Bruke korrekt tegnsetting		
21. Skrive ordene riktig på grunnlag av hvordan de blir uttalt		
22. Bøye ord riktig i entall og flertall		

Litteraturreferansar

- Alfsen, C., Hanssen, Å. & Lyngvær Ramstad, S. (2010). "Din tur til å bevisе." *Realkompetansevurdering i opplæringа innenfor kriminalomsorgen (2007-2009)*. Sluttrapport. Oslo: VOX.
- Asbjørnsen, A. E., Jones, L. Ø. & Manger, T. (2007). *Innsatte i Bergen fengsel. Delrapport 2: Lesevaner, leseerfaringer og leseferdigheter*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Asbjørnsen, A., Manger, T. & Jones, L. (2007). *Leseferdigheter og lesevaner blant innsatte i Bergen fengsel. Delrapport 1: Leseferdigheter blant innsatte*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Baumeister, R.F., Campbell, J.D., Krueger, J.I. & Vohs, K.D. (2003): Does high self-esteem cause better performance, interpersonal success, happiness, or healthier lifestyles? *Psychological Science in the Public Interest*, 4, ss. 1–43.
- Claesson, S. & Dahlgren, H. (2002). *Att studera i fängelse. Utvärdering av klientutbildning inom kriminalvården*. Rapport 6. Kriminalvårdens forskningskommitté.
- Costelloe, A. (2003). *Third level education in Irish prisons: Who participates and why?* (Doctoral thesis). Milton Keynes: The Open University.
- Council of Europe (2006). <https://wcd.coe.int/ViewDoc.jsp?id=955747>
- Council of Europe (2010). European Convention of Human Rights. http://www.echr.coe.int/NR/rdonlyres/D5CC24A7-DC13-4318-B457-5C9014916D7A/0/Convention_ENG.pdf
- Dever, B.V. & Karabenick, S.A. (2011). Is authoritative teaching beneficial for all students? A multi-level model of effects of teaching style on interests and achievement. *School Psychology Quarterly*, 26, 131-144.
- Diseth, Å., Eikeland, O.-J., Manger, T. & Hetland, H. (2008). Education of prison inmates: course experience, motivation, and learning strategies as indicators of evaluation. *Educational Research and Evaluation*, 14, 201-214.
- Eikeland, O.-J. & Manger, T. (2004). *Innsatte i norske fengsel: Utdanning og utdanningsønske*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Eikeland, O.-J., Manger, T. & Asbjørnsen, A. (red.) (2008). *Innsatte i nordiske fengsler: Utdanning, utdanningsønske og -motivasjon*. København: Nordisk Ministerråd.

- Eikeland, O.-J., Manger, T. & Diseth, Å. (2006). *Innsatte i norske fengsel: Utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Forster, W. (1990). The higher education of prisoners. In: S. Duguid (Ed.), *Yearbook of correctional education 1990*, 3-43. Burnaby, BC: Institute for the Humanities, Simon Fraser University.
- Friestad, C. & Skog Hansen, I. L. (2004). *Levekår blant innsatte*. Fafo-rapport 429. Oslo: Fafo.
- Fylkesmannen i Hordaland (2009). *Rapport om opplæringa innanfor kriminalomsorg 2008*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Gabrielsen, E. (2002). "Lese for livet" *Lesekompetansen i den norske voksenbefolkningen sett i lys av visjonene om en enhetsskole*. Doktoravhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Gabrielsen, E. (2005). Hvor godt må vi kunne lese for å fungere i dagens samfunn? [How well must we read in today's society?]. *Samfunnsspeilet*, 2, 45-49.
- Gee, J. (2006). Education in rural county jails: Need versus opportunity. *Journal of Correctional Education*, 57, 312-325.
- Gröning, L. (2013). Straffegenomføring som en del av straffrettsystemet: Principforklaring av fängelsestraffens innehåll. *Tidsskrift for Rettsvitenskap*, 126, 145-195.
- Hattie, J. (2003). New Zealand educational snapshot. Presentation to Knowledge Wave 2003. <https://sue-smith.wikispaces.com/file/view/Hattie+J+NZ+Education+Snapshot.pdf>
- Hattie, J. (2009): *Visible Learning. A Synthesis of Over 800 Meta-analyses Relating to Achievement*. New York: Routledge.
- Hugo, M. (2013). *Meningsfullt lärande i skolverksamheten på särskilda ungdomshem*. Institutionsvård i fokus nr. 1. Stockholm: Statens institutionsstyrelse.
- Jones, L. Ø. (2012). *Effects of reading skills, spelling skills and accompanying efficacy beliefs on participation in education. A study in Norwegian prisons*. Doktoravhandling. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Kyriacou, C. & Goulding M. (2005) A systematic review of raising pupils' motivation in K4 mathematics. I Hewitt, D. *Proceedings of British Society for Research into Learning Mathematics* 25 (3) 81-86.

- Manger, T., Eikeland, O.-J., & Asbjørnsen, A. (2013). Effects of educational motives on prisoners' participation in education and educational desires. *European Journal of Criminal Policy and Research*.
- Manger, T., Eikeland, O.-J., Roth, B. B. & Asbjørnsen, A. (2013). *Nordmenn i fengsel: Motiv for utdanning*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Moeller, M., Day, S. L. & Rivera, B. D. (2004). How is education perceived on the inside? A preliminary study of adult males in a correctional setting. *Journal of Correctional Education*, 55, 40-59.
- Moffitt, T., Caspi, A., Harrington, H. & Milne, B. J. (2002). Males on the life-course-persistent and adolescent-limited antisocial pathways: Follow-up at age 26 years. *Development and Psychopathology*, 14, 179-207.
- Nordisk Ministerråd (2003). *Å lære bak murene. Utdannelse og kriminalomsorg i et livslangt læringsperspektiv. Nordisk kartlegging av fengselsundervisningen*. København: TemaNord.
- Patterson, G. R., Forgatch, M. S., Yoerger, K. L. & Stoolmiller, M. (1998). Variables that initiate and maintain an early-onset trajectory of offending. *Development and Psychopathology*, 10, 531-547.
- Samuelsson, S., Gustavsson, A., Herkner, B., & Lundberg, I. (2000). Is the Frequency of Dyslexic Problems among Prison Inmates Higher than in a Normal Population? *Reading and Writing*, 13(3-4), 297-312.
- Samuelsson, S., Herkner, B., & Lundberg, I. (2003). Reading and writing difficulties among prison inmates: A matter of experiential factors rather than dyslexic problems. *Scientific Studies of Reading*, 7(1), 53-73.
- Skarøhamar, T. (2002). *Levekår og livssituasjon blant innsatte i norske fengsler*. Institutt for kriminologi og retts sosiologi, Universitetet i Oslo.
- Skarøhamar, T. & Telle, K. (2009). *Life after prison. The relationship between employment and re-incarceration*. Discussion Papers No. 597. Statistics Norway, Research Department.
- SSB (2013). Statistikkbanken. <http://ssb.no/utniv>. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- St. meld. nr. 27 (2004-2005). *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*. Utdannings- og forskningsdepartementet, Oslo.
- Wentzel, K.R. (2002). Are effective teachers like good parents? Teaching style and student adjustment in early adolescence. *Child Development*, 73, 287-301.



Statens hus
Utdanningsavdelinga

Besøksadresse
Kaigaten 9, NO-5020 Bergen

Postadresse
Postboks 7310, 5020 BERGEN

Telefon: +47 55 57 20 00
Telefaks: +47 55 57 20 09

E-post
postmottakfmho@fmho.no

Web
www.fylkesmannen.no